



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 02.12.2014
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jens Harald Abotnes
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 30/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 31/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 34/14	Orienteringssak - løypemelding vedr. forvaltningsrevisjon om internkontroll i Samnanger kommune		2014/226
PS 35/14	Revisjonsplan og interimsrevisjon for Samnanger kommune 2014		2014/231
PS 36/14	Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte der politikarar og administrasjonen vert invitert		2014/426
PS 32/14	Referatsaker		
RS 15/14	Finansrapportering 2. tertial 2014		2014/231
RS 16/14	Økonomirapportering pr. oktober 2014		2014/231
RS 17/14	Kapitalutviding Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Nordheimsund Industriservice AS		2014/229
RS 18/14	Partsbrev vedr. tinging prosjektplan selskapskontroll Storeholmen VTA		2014/229
RS 19/14	Rekneskapsoversyn kontrollutval og revisjon pr. 24.11.14		2014/230
RS 20/14	Fylkesmannen si kartlegging av sjukeheimsplassar 2014		2014/196
RS 21/14	Invitasjon til NKRF-konferanse 2015		2014/343
PS 37/14	Møteplan - første møte i kontrollutvalet i 2015		2014/224
PS 38/14	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 33/14	Eventuelt		

PS 30/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 31/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2014/226-4
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	32/14	02.12.2014

Orienteringssak - løypemelding vedr. forvaltningsrevisjon om internkontroll i Samnanger kommune

Bakgrunn for orienteringssaka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 01.10.14.:

1. «Kontrollutvalet vil gjennomføre forvaltningsrevisjon innan «Intern kontroll og organisering» i Samnanger kommune.
2. Deloitte blir bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar som utvalet har gjeve.
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.»

Etter at forslag til prosjektplan var motteke frå Deloitte, blei den sendt ut til kontrollutvalet til gjennomsyn og uttale. Etter tilbakemelding vart prosjektplanen godkjent i tråd med pkt. 3 i vedtaket.

Endeleg bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjektet vart sendt til Deloitte 16.10.14. I mailen står det mellom anna:

«Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet godkjenner med dette prosjektplanen slik den ligg føre. Deloitte vert såleis beden om å starte opp prosjektet i tråd med prosjektplanen.

Kontrollutvalet vil be om at det vert gjeve løypemeldingar undervegs i arbeidet, både på kontrollutvalsmøte 02.12.14 og i første møte 2015, slik at utvalet evt. kan koma med kommentarar til forvaltningsrevisjonsarbeidet.»

Samandrag

Sekretariatet har bede Deloitte orientera til kontrollutvalet om arbeidet med forvaltningsrevisjon av internkontroll. Prosjektplanen ligg som vedlegg til orienteringssaka.

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeid med forvaltningsrevisjon av internkontroll til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av Internkontroll Samnanger - off.versj.

Forvaltningsrevisjon | Samnanger kommune
Internkontroll

Prosjektplan/engagement letter



Innhald

1. Føremål og problemstillingar	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Føremål og problemstillingar	5
2. Revisjonskriterium	7
2.1 Innleiing	7
2.2 Kommuneleva.....	7
2.3 Teori og rammeverk for internkontroll	8
2.4 Teori knytt til organisering av ein tonivåmodell	10
2.5 HMT - arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta.....	12
2.6 Regelverket om informasjonstryggleik	13
2.7 Barnevern og forskrift om internkontroll etter barnevernloven.....	14
2.8 Krav om forsvarleg system i opplæringslova (§13-10)	14
2.9 Internkontrollforskrift i helsetenesta	15
2.10 Kommunale vedtak og retningslinjer	15
3. Metode	17
3.1 Dokumentanalyse	17
3.2 Intervju	17
3.3 Verifiseringsprosessar	17
4. Tid og ressursbruk	18
4.1 Nøkkelpersonell	18
4.2 Tidsbruk	18


1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet 01.10.2014 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune. Denne prosjektplanen er ein revidert versjon av tidligare prosjektplan for forvaltningsrevisjon av sentraladministrasjonen i kommunen bestilt 13.08.2012.

Bakgrunnen for prosjektet er den overordna analysen, der det kom fram at det var utfordringar knytt til organisering, kapasitet, ressursbruk i den kommunale administrasjonen. I den overordna analysen kom det også fram at det er utfordringar knytt til vedtaksoppfølging og å etablere gode mål for tenesteeiningane. I budsjett for 2013 uttrykker rådmannen at bemanningssituasjonen og oppgåvene dei er pålagt i sentraladministrasjonen fører til at enkelte oppgåver ikkje blir utført som ønskeleg. Mellom anna blir det vist til internkontroll som eit område som ikkje blir følgt opp slik det burde.

I Samnanger kommune utgjer rådmann og assisterande rådmann den øvste leiinga. Den administrative organiseringa består vidare av åtte sjølvstyrte einingar; interne tenester, barnehage, barneskulen, ungdomsskulen, kultur, sosial og helse, pleie og omsorg og teknisk. Eining for interne tenester blei oppretta i 2010. Organiseringa følgjer i stor grad ein såkalla «tonivåmodell».



Kjelde: Samnanger kommune si nettside 07.10.2014

Samnanger kommunen fekk i 2008 gjennomført ein analyse av organiseringa av kommunen. Kommune fekk framlagt ein rapport som peikte på fleire forbetningsområde (denne rapporten blir referert til som ADI rapporten). Kommunen har gjennomført nokre endringar i etterkant av denne evalueringa og følgjande går fram av årsmelding 2010 om organiseringa:

«Etter rådmannen si meining har ny organisering gjort arbeidet i sentraladministrasjonen meir effektiv. Hovudgrunnen til det er at me har klart å skilja mellom driftsoppgåver, forvaltning og

prosjekt/plan. Med ein så liten stab må mange jobba på alle områda, men det er likevel klarare i organisasjonen kvar oppgåvene skal løysast.»

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke korleis Samnanger kommune sikrar tilfredsstillande internkontroll. Vi vil vere spesielt opptatt av å undersøke om kommunen etterlever lovpålagte krav knytt til internkontroll både på overordna og sektorovergripande nivå, innanfor utvalde støtteprosessar og innan utvalde tenester.

Overordna internkontroll

1. I kva grad har kommunen etablert overordna leiingskontrollar og sektorovergripande internkontroll?
2. I kva grad har kommunen etablert eit **overordna system for internkontroll (kvalitetssystem)**?
 - a) I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i kommunen?
 - b) I kva grad er det gjeve felles retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast i einingane?
3. I kva grad har kommunen arbeidd for å utvikle eit godt **kontrollmiljø**?
 - a) I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?
 - b) Har kommunen etablert føremålstenlege etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?
 - c) I kva grad har kommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?
 - d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?
4. I kva grad er det på overordna nivå i kommunen etablert ei **rapportering** som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?
5. Korleis blir **risikovurderingar** nytta i internkontrollen i kommunen?
6. I kva grad har kommunen etablert **kontrollaktivitetar** som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer kommunen sine krav og retningslinjer?
 - a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?
 - b) I kva grad er det etablert eit felles system for å dokumentere skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?
 - c) I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?
 - d) Har kommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?
7. Er det etablert rutinar for **oppfølging** av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor kommunen sine einingar?

Internkontroll i støtteprosessar

8. Har kommunen system og rutinar som sikrar etterleving av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT)?
9. Har kommunen system og rutinar som sikrar etterleving av krav til internkontroll for elektronisk lagra personopplysningar, informasjonstryggleik?

Tenestepesifikk internkontroll

10. I kva grad har kommunen etablert eit system for internkontroll innan barnevernet i samsvar med Forskrift om internkontroll for kommunens oppgåver etter lov om barneverntenester?
11. I kva grad har kommunen etablert eit system for internkontroll innan for opplæring i samsvar med Opplæringslova § 13-10?
12. I kva grad har kommunen etablert eit system for internkontroll innan for helse og omsorg i samsvar med krav til internkontroll i helse- og omsorgstenesta?

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lovar, rettsreglar og andre relevante kommunale vedtak og retningsliner. Lista med kriterium under er ikkje utømmende for det som kan vere relevant for prosjektet. Andre kriterium vil kunne kome til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Kommunelova

Når kommuneloven blei revidert i 1992 fekk kommunar og fylkeskommunar stor fridom i val av organisasjons- og arbeidsform, både politisk og administrativt. I kommunelova blir det i liten grad gjeve føringar for korleis kommunen skal organisere seg. I kommunelova § 1 om lova sitt føremål heiter det at:

«Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for et funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale og fylkeskommunale fellesinteresser innenfor rammen av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling. Loven skal også legge til rette for en tillitskapende forvaltning som bygger på en høy etisk standard.»

Vidare er det i lova presisert at det i kvar kommune skal tilsettast ein administrasjonssjef, og at administrasjonssjefen er den øvste leiaren for den kommunale administrasjonen med unnatak av det som følgjer av lov eller som innanfor dei rammer som kommunestyret er ansvarleg for (§ 23 nr.1).

Dette inngår som ein del av administrasjonssjefen sitt overordna ansvar for internkontrollen i ein kommune. I § 23 nr. 2 i kommunelova går det fram at

« Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon). Ot.prp.nr.70 (2002-2003):

”I nytt annet punktum i nr. 2 foreslås en ny annen setning som lovfester administrasjonssjefens tilsynsansvar overfor administrasjonen. Forslaget antas ikke å innebære noen realitetsendring i forhold til gjeldende rett. Siktemålet er å tydeliggjøre at administrasjonssjefen har et ansvar for å føre kontroll med virksomheten.

Selv om administrasjonssjefen etter kommuneloven i dag ikke eksplisitt er pålagt å etablere internkontroll, må ansvaret for slik kontroll regnes som en nødvendig del av administrasjonssjefens ledelsesansvar.

Det er i tråd med allment aksepterte ledelsesprinsipper at en leder av en virksomhet etablerer rutiner og systemer som bl.a. skal bidra til å sikre at organisasjonen når de mål som er satt, og at formuesforvaltningen er ordnet på forsvarlig måte. Administrasjonssjefens ansvar for å føre tilsyn omfatter også kommunale foretak, jf kapittel 11. Administrasjonssjefen har ikke resultatansvar for de deler av kommunen som er organisert som foretak. Dette ansvaret ligger til foretakets styre. Administrasjonssjefen har imidlertid et tilsynsansvar, og kan kreve at en sak skal forelegges kommunestyret før vedtak iverksettes, jf § 72 nr. 1 i.f.”

I tillegg til det overordna kravet til administrasjonssjefen er det sektorspesifikke krav til internkontroll knytt til mellom anna HMT, Informasjonstryggleik, barneverntenesta, opplæring, helse og sosialtenesta, barnevern, som er fastsett i eigne føresegner.

2.3 Teori og rammeverk for internkontroll


Nasjonalt og internasjonalt finst det fleire anerkjende rammeverk som opererer med klåre grunnprinsipp for god internkontroll. Rammeverka definerer internkontroll som ein prosess som gir rimeleg tryggleik for at ein organisasjon oppnår sine mål, og som sikrar ei effektiv drift, påliteleg finansiell rapportering og etterleving av lover og reglar.

Eit av dei mest brukte rammeverka for internkontroll er COSO-modellen.^{1 2} Det er ikkje eit krav at internkontrollsystemet i kommunen skal vere basert på COSO-modellen, men modellen representerer eit sett med hovudelement som bør inngå i ei overordna vurdering av internkontroll. I dette prosjektet vil vi difor ta utgangspunkt i COSO-modellen når vi vurderer kommunen sitt internkontrollsystem, og nytte modellen som retningsgivande rammeverk for god internkontroll. Hovudelementa i COSO-modellen er felles for fleire av dei ulike rammeverka for internkontroll. Dei viktigaste elementa er:

- kontrollmiljø
- risikovurdering
- kontrollaktivitetar
- kommunikasjon og informasjon
- leiinga si oppfølging

Komponentane er gjensidig avhengige av kvarandre, og likeverdige delar av eit internkontrollsystem. COSO-modellen kan illustrerast slik:

Figur 1: Illustrasjon av COSO-modellen



¹ Sjå norsk oversetting i Internkontroll – et integrert rammeverk. Norges interne revisorers forening (1996), Oslo: Norges interne revisorers forening (NIRF).

² Sjå norsk oversetting i Internkontroll – et integrert rammeverk. Norges interne revisorers forening (1996), Oslo: Norges interne revisorers forening (NIRF).

Kontrollmiljøet er grunnmuren i internkontrollsystemet, og består av medarbeidarane sine haldningar, etiske verdiar og kompetanse. Kontrollmiljøet blir påverka av korleis verksemda er organisert, kva leiingsfilosofi som er gjeldande og korleis leiarskapen blir praktisert.

Vidare skal risikovurderingar sikre at dei arbeidsprosessane som har høgast sannsyn for, og konsekvens av, svikt, feil eller manglar blir identifiserte. Det er eit mål at leiinga skal ta omsyn til risikovurderinga i utforming av internkontrollen, ved at ein fokuserer og avgrensar internkontrollen til dei arbeidsprosessane som har høgast risiko.

Kontrollaktivitetane er dei tiltak som blir sett i verk for å sikre etterleving av regelverk, retningslinjer og krav til tenesteutføring, og for handtere risiko avdekka i risikovurderingar. Føremålet med kontrollaktivitetane er å medverke til at rutinar og system skal fungere slik som bestemt.


For å oppnå god internkontroll er det i følge COSO-modellen vidare viktig med effektiv og tidsriktig informasjon og kommunikasjon, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Dette er naudsynt for at den enkelte skal kunne utføre det ansvaret dei er tildelt.

For å sikre gjennomføring av handlingar eller endringar som er naudsynte for å oppnå ein god internkontroll er også leiinga si oppfølging viktig. Resultat skal bli følgt opp for å avdekke om dei er i samsvar med verksemda sine strategiar og planar.

Dei ulike elementa er oppsummert i tabellen under:

COSO område	Skildring	Praktiske eksempel
Kontrollmiljø	Fundamentet for god internkontroll. Ledelsens holdning, adferd og definerte retningslinjer er utgangspunktet for god internkontroll.	<ul style="list-style-type: none"> Retningslinjer, organisering, ansvars- og myndighetsfordeling Retningslinjer og rutiner Ressurser og kompetanse Samhandling
Risikovurdering	Risikovurdering foretas på både overordnet og detaljert plan. Konkrete handlinger iverksettes for å møte risikoen.	<ul style="list-style-type: none"> Fastsette mål Identifisere risiko Vurdere og prioritere risiko Håndtere risiko
Kontrollaktivitetar	Kontrollaktiviteter etableres for å sikre at retningslinjer, prosedyrer og andre krav etterleves i praksis. Etableres for å redusere risiko og unngå uønsket adferd.	<ul style="list-style-type: none"> Retningslinjer, prosedyrer og rutiner Nøkkellkontroller, detaljerte kontrollaktiviteter som møter identifisert risiko Systemstøtte og IT-kontroller
Informasjon og kommunikasjon	Det må legges til rette for effektiv kommunikasjon, informasjonsdeling og rapportering	<ul style="list-style-type: none"> Rapportering oppover Kommunikasjon nedover / oppover / til siden IT-systemstøtte for effektiv kommunikasjonsflyt
Oppfølging	Ledelsen må etablere mekanismer for å følge opp at internkontrollen fungerer	<ul style="list-style-type: none"> Løpende oppfølging Evalueringer Korrigerende tiltak ved avvik

Ein modningstabell for internkontroll kan nyttast for å «ta temperaturen» på internkontrollen i ei verksemd. Modellen som er presentert under, er eit verky for å systematisere vurderingar av verksemda sin internkontroll.



Ved bruk av ein modningsmodell er det viktig å presisere at eit lågt modningsnivå når det gjeld internkontrollen, ikkje **nødvendigvis treng å bety at verksemda ikkje følgjer** regelverket, ikkje følgjer opp mål eller ikkje har ein effektiv utføring av oppgåvene. Eit lågt modningsnivå tyder likevel på at den kontrollen som føreligg, i stor grad ikkje er dokumentert eller sett i system.

2.4 Teori knytt til organisering av ein tonivåmodell

Korleis ein kommune vel å organisere tenestene sine for å legge til rette for ein «rasjonell og effektiv» forvaltning som sørger for at «vedtak blir iverksatt» og at administrasjonen er underlagt «betryggende kontroll» er i stor grad opp til den enkelte kommune.

Sjølv om kommunane har ein stor fridom knytt til korleis dei kan organisere tenestene sine har det det siste tiåret åra vore ein tydeleg trend bort frå organisering i etater og fagavdelingar over til en flat struktur eller såkalla "tonivåmodell".

Rørvik beskriver at det i dag ikkje finst alternativ teori for organisering av norske kommunar³, og ei undersøking gjort i 2009 tyder på at to av tre kommunar har innført ein tonivåmodell⁴. Men sjølv om mange kommunar har organisert seg etter ein tonivå modell finst det ein rekke ulike variantar og mellomvariantar av modellen.

I følgje sluttrapporten frå KS-prosjektet «Omstilt og innstilt – kommunale erfaringar med flat struktur»⁵ byggjer ein tonivå modell eller ein flat struktur på at mynde og ansvar blir flytta nedover i administrasjonen og at leiing skal skje gjennom å sette mål og følgje opp resultat. Dei to hovudprinsippa for denne modellen er dermed:

- Delegering
Med delegering meiner ein at rådmannen delegerer ansvaret for budsjett, personal og fag direkte til einingsleiar (t.d. rektor) og at einingsleiarar sorterer direkte under rådmannen.
- Mål- og resultatstyring
Målstyring betyr at politikarane og den administrative toppleiinga skal vedta mål, medan tenesteeiningane skal gjennomføre aktivitetane som er naudsynt for å nå måla. Rapportering av resultat og handtering av avvik er ein vesentleg del av målstyringa.

I KS rapporten blir ansvarsdelinga mellom rådmann og einingsleiarane i ein tonivåmodell beskrive slik

- Einingsleiarar – handtere den daglege drifta og rapportere til rådmannen
- Rådmannen – lage planar, utarbeide kommunebudsjett, gjennomføre politiske vedtak, rapportere til politikarane og følgje opp einingane (målstyring og internkontroll).

Etablering av flat struktur får også konsekvensar for organisering av stab og støttetjenester. Slike tenester blir ofte lagt sentralt ettersom einingane blir for små til å ha egne spesialiserte administrative tilsette. Stab og støttefunksjonane har to prinsipielle hovudoppgåver:

1. Støtte til einingane
2. Støtte til kommuneleiinga

I ein rapport frå NIBR blir det peikt på at mange kommunar opplever at det er utfordrande å få til ei god organisering av stab og støttetjenester i ein flat struktur⁶. Dette blir stadfesta i ein rapport av Asplan og Iris i 2006⁷. Dei ulike rapportane peikar på utfordringar knytt til mellom anna

- Manglande støtte i tenesteeiningane
- Uklar ansvarsdeling mellom stab og støtte sentralt og desentralt,
- Uklar ansvarsdeling mellom stab og støttefunksjonar og tenesteeiningane
- Tilstrekkeleg koordinering og utvikling av tenestene
- Tilstrekkeleg samhandling
- Tilstrekkeleg med ressursar i einingane til å utføre oppgåvene dei har fått delegert

³ Rørvik, K.A. (2007) Trender og translasjoner. Ideer som former det 21. århundrets organisasjon. Universitetsforlaget.

⁴ Agenda Kaupang (2010) Erfaringer med flat struktur

⁵ Agenda Kaupang (2010) Erfaringer med flat struktur

⁶ Opedal, Stigen og Laudal, 2002: Flat struktur og resultatenheter. NIBR-rapport 2002

⁷ Asplan Analyse og IRIS (2006): Stab/støtte i tonivåkommuner

- [REDACTED]

2.5 HMT - arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta

Av § 1-1 i arbeidsmiljølova går det fram at føremålet med lova mellom anna er å sikre eit arbeidsmiljø som gir grunnlag for ein helsefremmande og meiningsfylt arbeidssituasjon, og som gir full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader.

§ 2-4 i arbeidsmiljølova omhandlar varsling om kritikkverdige forhold i verksemda. Her går følgjande fram:

«(1) Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i virksomheten.

(2) Arbeidstakers fremgangsmåte ved varslingen skal være forsvarlig. Arbeidstaker har uansett rett til å varsle i samsvar med varslingsplikt eller virksomhetens rutiner for varsling. Det samme gjelder varsling til tilsynsmyndigheter eller andre offentlige myndigheter.

(3) Arbeidsgiver har bevisbyrden for at varsling har skjedd i strid med denne bestemmelsen.»

§ 2-5 i arbeidsmiljølova omhandlar vern mot gjengjelding ved varsling, og av § 3-6 går følgjande fram:

«Arbeidsgiver skal, i tilknytning til det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, utarbeide rutiner for intern varsling eller sette i verk andre tiltak som legger forholdene til rette for intern varsling om kritikkverdige forhold i virksomheten i samsvar med § 2-4, dersom forholdene i virksomheten tilsier det.»

I kommentarane til § 3-6 i forarbeida til lova, går det fram at risikoforholda og ytringsklimaet i verksemda vil bestemme om det er behov for tiltak. Dette må vurderast i samband med ei vurdering av risikoforholda, jf § 3-1 i arbeidsmiljølova. Samtidig blir det peika på at «*Det skal ikke være høy terskel for at det skal være plikt til å sette i verk tiltak som beskrevet i bestemmelsen, og det er først og fremst «ukompliserte» virksomheter med få ansatte som vil falle utenfor.*»⁸

Av arbeidsmiljølova § 3-1 går krav til systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik fram:

«(1) For å sikre at hensynet til arbeidstakers helse, miljø og sikkerhet blir ivaretatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte.

(2) Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid innebærer at arbeidsgiver skal:

- a) fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet,
- b) ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt,
- c) kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risikoforholdene i virksomheten, utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen,

⁸ Ot.prp.nr.84 (2005-2006) (endringslov). Kapittel 9 Merknader til lovteksten.

- d) under planlegging og gjennomføring av endringer i virksomheten, vurdere om arbeidsmiljøet vil være i samsvar med lovens krav, og iverksette de nødvendige tiltak,
- e) iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av denne lov,
- f) sørge for systematisk arbeid med forebygging og oppfølging av sykefravær,
- g) sørge for løpende kontroll med arbeidsmiljøet og arbeidstakernes helse når risikoforholdene i virksomheten tilsier det, jf. bokstav c,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet for å sikre at det fungerer som forutsatt.»

Kravet om å drive systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid er nærare presisert gjennom *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (Internkontrollforskriften). I forskrifta er *internkontroll* definert som «systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen». Det går her fram at den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at internkontroll blir innført og utøvd i verksemda, og at dette blir gjort i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar.

Av § 5 i internkontrollforskrifta går det fram at følgjande forhold må kunne dokumenterast skriftleg:

- Fastsetting av mål for helse, miljø og tryggleik
- Utarbeiding av oversikt over verksemda sin organisasjon, herunder korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er fordelt
- Kartlegging av farar og problem og på denne bakgrunn vurdering av risiko, samt utarbeiding av tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda
- Iverksetting av rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i eller i medhold av helse-, miljø- og tryggleikslvgjevinga
- Gjennomføring av systematisk overvåking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føresett

Av arbeidsmiljølova § 3-2 første ledd bokstav b går det fram at arbeidsgjevar har ansvar for at «*arbeidstaker som har til oppgave å lede eller kontrollere andre arbeidstakere har nødvendig kompetanse til å føre kontroll med at arbeidet blir utført på en helse- og sikkerhetsmessig forsvarlig måte*». Vidare går det fram av § 2-3 tredje ledd at «*Arbeidstaker som har til oppgave å lede eller kontrollere andre arbeidstakere, skal påse at hensynet til sikkerhet og helse blir ivaretatt under planleggingen og utførelsen av de arbeidsoppgaver som hører under eget ansvarsområde*».

2.6 Regelverket om informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik inneber at personopplysningar og annan informasjon skal vernast mot innsyn frå personar som ikkje skal ha tilgang til informasjonen, og at den skal bli tatt vare på og vere tilgjengeleg for dei som skal ha tilgang til den.

Regelverket knytt til informasjonstryggleik omfattar m.a. personopplysningslov og -forskrift. I personopplysningsforskrifta (kapittel 2) er det gjeve utfyllande føresegner knytt til informasjonstryggleik for elektronisk lagra personopplysningar. Her går det fram at det er den øvste leiaren i verksemda, dvs. rådmannen, som er ansvarleg for informasjonstryggleiken. Sentrale punkt i forskrifta og tilhøyrande rettleiarar⁹ er m.a. å:

- fastsetje tryggleiksmål og -strategi for verksemda
- gjennomføre risikovurderingar etter fastsette kriterium

⁹ Sjå m.a. Datatilsynet sine rettleiarar «Internkontroll og informasjonssikkerhet - veileder» (2009) og «Veiledning i informasjonssikkerhet for kommuner og fylker» (2005).

- etablere klare ansvars og –myndighetsforhold for bruk av informasjonssystem
- etablere fysiske og tekniske tiltak for informasjonstryggleik
- sørge for at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om informasjonstryggleik
- gjennomføre tryggleikrevisjonar for å etterprøve at tiltak er sett i verk og fungerer
- gjennomføre regelmessig gjennomgang av tryggleiksmål og -strategi

For å møte desse krava må kommunen etablere eit styringssystem for informasjonstryggleik. Det vil seie at ein skal ha eit heilheitleg internkontrollsystem som gjer det mogleg å planleggje, gjennomføre, dokumentere og følgje opp informasjonstryggleiken i heile verksemda

2.7 Barnevern og forskrift om internkontroll etter barnevernloven

I forskrift om internkontroll etter barnevernlova § 3 heiter det at internkontroll innanfor barnevern betyr systematiske tiltak som skal sikre at barneverntenesta sine aktiviteter blir planlagt, organisert, utført og vedlikehaldt i samsvar med krav fastsatt i eller i medhald av lov om barneverntjenester.

I følgje § 4 skal internkontrollen tilpassast barneverntenesta si storleik, eigenart, aktiviteter og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å etterleve krav fastsatt i eller i medhold av lov om barneverntenester.

Vidare går det fram av § 4 at internkontroll inneberer at kommunen mellom anna skal:

- a) « beskrive hvordan barneverntjenesten er organisert, samt barneverntjenestens hovedoppgaver og mål, herunder mål for forbedringsarbeidet. Det skal klart fremgå hvordan ansvar, oppgaver og myndighet er fordelt,
- b) sikre at arbeidstakerne har tilgang til og kunnskap om aktuelle lover og forskrifter som gjelder for barneverntjenesten,
- c) sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskap og ferdigheter innenfor fagområdet, samt om barneverntjenestens internkontroll,
- d) sørge for at arbeidstakerne og oppdragstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes,
- e) gjøre bruk av erfaringer fra barn og foreldre til forbedring av barneverntjenesten,
- f) skaffe oversikt over områder i barneverntjenesten hvor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav,
- g) utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbedre nødvendige prosedyrer, instruksjer, rutiner eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelse av barnevernlovgivningen,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt og bidrar til kontinuerlig forbedring i barneverntjenesten.»

I § 5 blir det presisert at internkontrollen må kunne dokumenterast i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av barneverntenesta si storleik, aktivitetar og risikoforhold.

2.8 Krav om forsvarleg system i opplæringslova (§13-10)

I følgje opplæringslova §13-10 har kommunen og skuleeigaren ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast. Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg

rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret.

2.9 Internkontrollforskrift i helsetenesta

Føremålet med internkontrollforskrifta i helsetenesta er i følgje §1 i forskrifta å bidra til faglig forsvarlege helse- og omsorgstenester og at helse- og omsorgslovene blir oppfylte gjennom krav til systematisk styring og kontinuerleg forbetningsarbeid i tenestene.

I § 3 går det fram at internkontroll i denne forskrifta tyder systematiske tiltak som skal sikre at verksemda sine aktiviteter blir planlagt, organisert, utført og vedlikehaldt i samsvar med krav fastsatt i eller i medhald av sosial- og helselovene.

I følgje § 4 skal internkontrollen tilpassast verksemda si storleik, eigenart, aktiviteter og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å etterleve krav fastsatt i eller i medhold av av sosial- og helselovgiving.

Internkontroll inneber i følgje § 4 at den/dei ansvarlige for verksemda skal:

- a) «beskrive virksomhetens hovedoppgaver og mål, herunder mål for forbedringsarbeidet samt hvordan virksomheten er organisert. Det skal klart fremgå hvordan ansvar, oppgaver og myndighet er fordelt,
- b) sikre tilgang til aktuelle lover og forskrifter som gjelder for virksomheten,
- c) sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskap og ferdigheter innenfor det aktuelle fagfeltet samt om virksomhetens internkontroll,
- d) sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes,
- e) gjøre bruk av erfaringer fra pasienter/tjenestemottakere og pårørende til forbedring av virksomheten,
- f) skaffe oversikt over områder i virksomheten hvor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav,
- g) utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbedre nødvendige prosedyrer, instruksjer, rutiner eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelse av sosial- og helselovgivningen,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt og bidrar til kontinuerlig forbedring i virksomheten.» Internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av verksemda sin art, aktivitetar, risikoforhold og storleik. Dokumentasjonen skal til ei kvar tid vere oppdatert og tilgjengelig (§ 5).

2.10 Kommunale vedtak og retningslinjer

Relevante kommunale vedtak og retningslinjer vil bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan t.d. vere mål som er sett for organisering av administrasjonen o.l.

3. Metode

Oppdraget vil bli utført i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og brukt som kontrollkriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot kontrollkriteria.

3.2 Intervju

Revisjonen ønskjer å gjennomføre intervju med rådmann og assisterande rådmann. I tillegg vil vi intervju tenesteleiarane for dei utvalde områda. Vi vil gjennomføre 5-6 intervju. Vi vil sende ut informasjon om intervjuet og tema for intervjuet på førehand.

3.3 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju vil bli sendt til intervjuobjekt for verifisering. Det er informasjon frå det verifiserte intervjuet som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin uttale vil bli vedlagt den endelege rapporten.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er oppdragsansvarleg partnar for oppdraget. Director Birte Bjørkelo vil vere prosjektleiar og vil gjennomføre prosjektet saman med manager Gunnar Husabø og senior konsulent Øyvind Midtbø Berge.

4.2 Tidsbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin art og den planen som er lagt for korleis det skal bli gjennomført, er det stipulert at det vil ta omlag 240 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av empiri i høve til revisjonskriterium, og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Tidsestimatet inkluderer ikkje førebuing og presentasjon av rapport i kommunestyret. Ein slik presentasjon vil bli fakturert per forbruk, opptil 8 timar.

Oppstart av prosjektet vil vere 1. november 2014 . Med utgangspunkt i forventa ressursbruk vil prosjektet vere slutført og levert til sekretariatet innan mai 2015. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen innan rimeleg tid stiller dokumentasjon tilgjengeleg og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i høve til avtale.

Bergen, 07.10.2014



Stein Ove Songstad, oppdragsansvarleg partnar

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/231-22
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	33/14	02.12.2014

Revisjonsplan og interimsrevisjon for Samnanger kommune 2014

Samandrag

Det vert utarbeida plan for revisjonsarbeidet i kommunane, og Deloitte har oversendt slik plan til kontrollutvalet.

Ved at revisjonsplan vert lagt fram for kontrollutvalet kan ein få informasjon om revisjonsomfang, angrepsvinkel og kva risikovurderingar som er gjort i revisjonsarbeidet. Det opnar vidare for at kontrollutvalet kan koma med forslag og innspel til eventuelle endringar, eller andre områder som revisor også burde sjå ekstra godt på. Likevel er det revisor som har avgjerdsrett på den endelege revisjonsplanen.

Vidare framover vil det vera ei målsetjing å ha sak om revisjonsplan på første møte etter sommarferien, og at oppsummering etter interimsrevisjonsarbeidet vert teke på eit seinare møte.

Revisjonsplan for regnskapsåret 2014 vert med dette lagt fram for kontrollutvalet. Oppsummering etter interimsrevisjonsarbeidet vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møtet.

Forslag til vedtak

Revisjonsplan og interimsrevisjon for rekneskapsåret 2014 vert teke til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Revisjonsplan Samnanger 2014

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Nov.
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter <p>Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.</p>	Deloitte - interimrevisjon	Nov.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Nov. Feb.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget om evt. vesentlige funn.	Deloitte	Nov.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor senest fem dager før frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er det utsatt frist. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Økonomisjef og Deloitte Økonomisjef og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav. Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.02, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.	Rådmann Rådmann	Frist for avleggelse 15.02 og 31.03.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<p>Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31. mars, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Rådmann</p> <p>Rådmann</p>	
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger datert 15.02, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.02, vil revisors beretning inneholde presisering.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avgitt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en presisering. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avgitt.</p>	<p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap for 2013, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapsmaterieell mottas innen 15.02. • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Bank	<ul style="list-style-type: none"> Bankavstemming 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer Avkastning på verdipapirer Utlån husbankmidler mm 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> Kundereskontro mot regnskap Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) Kreditsaldoer Periodisering inntekter 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Avsetninger 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> Anleggsregister mot regnskap Aktivering Salg Avskrivninger iht. regelverk Gjennomgang prosjektrengskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere om kommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter Vurdere avsetningene som er gjort 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørreskontro mot regnskap Debetposter Utbetalingskontroll 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver Låneopptak er i samsvar med kommuneloven Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) Rentekostnader Avdrag iht. vektingsregel Oversikt over garantier 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap Kapitalkonto 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av inntekter Skatteinntekter Rammetilskudd 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av utgifter Periodisering iht. anordningsprinsippet Selvkostregnskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av lønnskostnader Kontrolloppstilling over innberettet beløp Feriepenger Pensjon Skattetrekk Arbeidsgiveravgift Sykepengerefusjoner 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15. april
Kontrollutvalget	Økonomisjef og rådmann skal sende årsregnskap inkludert årsberetning til sekretariatet umiddelbart etter ferdigstilling slik at sekretariatet kan forberede sak til kontrollutvalget	Rådmann/ økonomisjef	Umiddelbart etter ferdigstilling, i god tid før møte i kontrollutvalget



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 085
Arkivnr: 2014/426-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	34/14	02.12.2014

Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte der politikarar og administrasjonen vert invitert

Samandrag

I revisjonsavtalen er det lagt inn ein kursdag pr. år som del av fastprisen. Med dette som bakgrunn, vert det teke opp til drøfting om ein skal be Deloitte om å halda kurs i eit aktuelt tema. Sekretariatet har kontakta Deloitte om dette, og til møte ligg det føre ei liste med forslag til tema som revisor kan tilby kurs innan.

Kontrollutvalet kan og føreslå andre kurstema dei har ønske om.

I tillegg til kontrollutvalet sine medlemmer, og evt. varamedlemmer, kan det vera aktuelt at administrasjonen og politisk leiing også får moglegheit til å delta på kurs som vert valt.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det vert planlagt å gjennomføra kurs innan
2. Sekretariatet avklarar med Deloitte når kurset kan gjennomførast.
3. Administrasjonen og politisk leiing i kommunen vert invitert til å delta.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef


Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Kursoversikt 2015

Oversikt kurs 2015



Aktuelle tema for kurs for KU medlemmer/administrasjon/folkevalgte

Kurs som kan holdes hos kommunen

- **Spesialtilpasset MVA-kurs – fokus på investeringer**
- **Regnskapsmessige problemstillinger** (tilpasset den enkelte kommune ut fra deres utfordringer)

Kurs som Deloitte kan sette opp i sine lokaler (Bergen og/eller Haugesund) dersom det er ønske om disse kursene:

- **Samfunnsansvar og antikorrupsjon i kommunene** (kan også holdes hos den enkelte kommune dersom det er mange som vil delta og det ikke hensiktsmessig at alle reiser)
- **Bokføringsregelverket**
- **Offentlighetsloven**
- **Habilitet**
- **Kontrakts- og leverandøroppfølging**

Deloitte.

PS 35/14 Referatsaker



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 14/384	Løpenr: 14/5008
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	10.09.2014	049/14	NE
Kommunestyret	24.09.2014	047/14	NE

FINANSRAPPORTERING 2.TERTIAL 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-049/14 VEDTAK:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

Kva saka gjeld:

I samsvar med finansreglementet vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital og andre midlar tiltenkt driftsføremål og oversikt som viser lånegjeld og vilkår.

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) vart sett ned i sommar frå 3,25 % til 2,8 % på driftskonto og frå 3,2 % til 2,8 % på fondskonto. Renta på skattetrekkskontoen er 3,15 %. Renta i DNB er på 2,25 %.

5 av 146

- Kommunen har 39 147 aksjar i Nordisk Areal invest as. Verdien pr 4.kvartal 2013 var på kr 56 kr pr aksje. Kurs pr 1.kvartal er kr 60,- pr aksje. Verdien pr 2.kvartal er ikkje klar endå. Kommunen sine aksjar er lagt for sal til kr 58 pr aksje. Tilbakemelding frå meklar er at det er veldig dårleg likviditet i annenhandsmarknaden for desse aksjane. Etter Kommunestyrevedtaket i juni fekk me melding frå meklar om at det ligg aksjar i marknaden til kr 40 som det ikkje har vore omsetnad på.
- Pengemarkedsfondet "Pluss-fondet" har ein verdi på kr 252 183,95 noko som er ein verdioppgong på kr 4 506,60 frå 01.01.14

Tabell finansplassering

	31.12.2012		31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)**	4,96	19 %	15,56	64 %	14,51	64 %	24,71	46 %
Innskot i SPV (fondskonto)	17,49	68 %	7,73	32 %	7,73	34 %	3,66	7 %
Innskot i DNB	2,87	11 %	0,66	3 %	0,19	1 %	0,71	1 %
Pengemarknadsfond								
Pluss – fondene	0,24	1 %	0,25	1 %	0,25	1 %	0,25	1%
Samla kortsiktig likviditet	25,56	100 %	24,20	100 %	22,68	100 %	29,33	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjar*: Nordisk Areal Invest as	3,09	-0,1	2,19	-0,90	2,35	0,16	2,35	0,16
kr pr aksje	79,-		56,-		60,-		60,-	

*verdi pr kvartal, gevinst er akkumulert

Lån og rentevilkår

- Det er i budsjettet for 2014 vedtak om låneopptak på 17 mill. kroner. Det er i år i tillegg gjort vedtak om å lånefinansiera bygging av veg på Bjørkheim med 1,64 mill. kroner (KS 31/14). Kommunen fekk lånetilbod frå KLP og Kommunalbanken og valte Kommunalbanken. Låna er tatt opp samla i august med avdragstid på 50 år, 4 avdragsfrie år og bunden rente i 4 år med 2,3 %.
- Det er i samsvar med budsjettvedtak 2014 om å betale minimumsavdrag søkt om å utsette betaling av avdrag på kr 1 mill. Søknaden er godkjent.
- Det er komen ein ny endringsforskrift for Husbanken som sei at rentemarginen på lån med flytande rente skal vera 1 % frå 1. mars. Renta på lån med flytande rente i Husbanken er no på 2,28 % og vil bli sett ned til 2,18 % frå 1.november. Kommunen har 7 % av lånesummen hor Husbanken på flytande renta.
- Føresetnadane i budsjettet er på 2,25 % på lån med flytande rente og renta i Kommunalbanken er på 2,26 %. Det er ikkje rentemargin i budsjettet.

Tabell lån og renteutgifter

	31.12.2012		31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	96,88	71 %	114,66	75 %	113,29	76 %	130,92	78 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	38,95	29 %	37,44	25 %	36,70	24 %	36,20	22 %

6 av 146

Finansielle leasing								
Samla langsiktig gjeld	135,83	100 %	152,10	100 %	149,99	100 %	167,12	100 %
Antall lopende enkeltlån	24		25		25		26	
Storste enkeltlån	NOK 29,7 mill		NOK 29,7 mill		NOK 28,9 mill		NOK 28,9 mill	
Rentebetingelser:								
Kommunalbanken: flytande	2,26 %		2,26 %		2,26 %		2,26 %	
fast	3,12% - 5,63%		2,92% - 3,94%		2,92% - 3,94%		2,92% - 3,54%	
Husbanken: flytande	1,99 %		2,08 %		2,47 %		2,28 %	
fast	1,9%-2,9%		1,9%-2,66 %		1,9%-2,66 %		1,9%-2,66 %	

Disposisjonsfond

- Saldo pr 31.12.2013 var kr 2 120 399,66. Av dette er kr 1 841 021 disponert gjennom budsjettvedtak for 2014. I KS sak 8/14 er det vedtatt å bruka kr 30 000 av disposisjonsfondet og i sak 28/14 er det vedtatt å bruka kr 249 000. Det er ikkje pengar att på disposisjonsfondet.

Næringsfondet:

- Saldo pr 01.01.2014 var kr 446 340,79 . I 2014 er det budsjettert med netto bruk på kr 23 557 som føreset at fondet skal tilførast kr 300 000 frå sal av tomtar på Lønnebakken.

I tillegg til opphavleg budsjett er det i 2014 gjort vedtak om bruk av kr 2 339 000 av næringsfondet. Av dette gjeld kr 589 000 løyving til veg til Hagabotnane. Dette er ein omdisponering av finansiering frå fond Sima-Samnanger til næringsfond. Det er og gjort vedtak om å finansiera deler av veg på Bjørkheim med bruk av næringsfondet på kr 1 750 000.

Tidlegare års vedtak om bruk av næringsfondet vart gått igjennom i sak KS 29/14 og kr 3 578 854,86 er tilbakeført til næringsfondet.

Disponibelt på næringsfondet pr 31.08.2014 er kr 1,3 mill. Dersom det vert selt tomter på Lønnebakken kjem dette i tillegg. Det er så langt i 2014 kjøpt tilbake 1 tomt og selt 1, netto tilført kr 1 814,-.

Oppsummert:

Disposisjonsfondet er brukt opp og det er ikkje lengar reservar. Det er ikkje rentemargin på lånerenta i budsjettet. Pr i dag er det ikkje noko som tyder på at lånerenta vil auka og fleire bankar har justert ned både utlånsrenta og innskotsrenta. Styringsrenta er på 1,5 % og har stått uendra sidan 15.03.2012. Sparebanken Vest har sett ned rente på innskot, men me har framleis høgare renta på innskot enn me betalar på lån med flytande renta. Kommunen har ca 22 % av lånegjelda med bunden rente. Kravet i vedtatt finansreglement er minimum 20 %.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 14/384	Løpenr: 14/6167
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	05.11.2014	057/14	NE

ØKONOMIRAPPORTERING PR OKTOBER 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert føreteke følgjande budsjettjusteringar:

Tekst	Auka utgift/ reduisert inntekt	Redusert utgift/ auka inntekt
IMDI, nytt tilskot år 1		-377 000
Introduksjonsstønad		-44 000
Utbytte Nordisk Areal		-548 000
Kursauke Nordisk Areal		-120 000
Netto reduksjon renteinntekt	100 000	
Premieavvik	4 500 000	
Bruk av fond		-4 500 000
arb.avgift premieavvik	634 500	
arb.avgift premiefond		-634 500
akk.premieavvik	111 000	
akk.premieavvik	15 600	
Skatt pr september	1 500 000	
Rammetilskot		-77 000
Inntektsutjamning		-500 000
KLP, eigenakp tilskot		-160 600
Eigedomsskatt verk og bruk	50 000	

Eigedomsskatt, innføring	300 000	
Lån av fond Sima-Samnanger		-300 000
Småkraft	129 584	
Næringsfond, småkraft		-129 584
Pleie- og omsorgseininga	200 000	
Barnehage, refusjon		-150 000
	7 540 684	-7 540 684

.....

Kva saka gjeld:

I juni var det oppe ei sak om tilleggsføringar. Saka gjaldt i hovudsak svikt i skatteinntektene. Som ein konsekvens av at desse var budsjettert for høgt vart det vedtatt at einingane skulle spare totalt kr 1,5 mill kroner. Me skulle og koma tilbake med ny rapport når me fekk meir kunnskap om skatteinngangen.

Skatt- og rammeinntekter.

Skattesvikten til kommunane fortsett. Regjeringa har sett ned det nasjonale skatteanslaget frå 3,3 % til 2,4 %. Kommunane får ikkje kompensert for årets skattesvikt. Kommunane har, i perioden januar-september, i gjennomsnitt fått inn 2 % meir enn for same periode i fjor. Samnanger kommune har for same periode fått inn 0,6 % mindre enn for 2013. Fordi utviklinga i Samnanger er dårlegare enn for landet generelt, får kommunen inntektsutjamning som er med på å utjamne noko av forskjellane.

I juni vart skatteinntektene for kommunen nedjustert med kr 2,3 mill. Det har vist seg at dette ikkje var nok. Pr september har Samnanger kommune fått inn kr 1,5 mill mindre enn revidert budsjett. Me veit og at november, som er ein stor skattemånad, mest sannsynleg vil auke denne differansen mot budsjettet. Det endelege resultatet for 2014 har me først i slutten av januar når inntektsutjamninga for desember er ferdig.

Kommunen har fått inntektsutjamning på totalt kr 940 000, det reviderte budsjettet er på kr 1 mill og det kan sjå ut til at me vil få kompensert for ein del av skattesvikten med auka inntektsutjamning.

Kommunen har fått kr 77 000 kompensert for at etterspurnaden etter barnehageplassar ikkje vart redusert som forventa som fylgje av auka kontantstønad.

Skjønn.

Kommunen har fått kr 250 000 i ekstra skjønsmidlar som kjem til å dekke utgifter til opplæring av brannmannskap. Desse vert sett av på fond og brukt i 2015 då mesteparten av opplæringa vil skje.

Tilskot frå IMDI

Kommunen har fått kr 377 000 frå IMDI (integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet) for 2 nye flyktningar som er komne i haust (familiegjenforeining). Det er tatt høgde for utgiftene i budsjettet.

Aksjar i Nordisk Areal.

Det vart bestemt på styremøtet 24.september at det skulle betalast ut utbytte på kr 14 pr aksje. Samnanger kommune har 39 147 aksjar og utbytte vart kr 548 058. Aksjekursen pr 2.kvartal er på kr 61,50 pr aksje, dette er opp kr 5,50 frå kr 56,- pr aksje pr 01.01.14. Dersom aksjekursen heldt seg på same nivå ut året, vil dette gje ein urealisert gevinst på kr 215 308,50. Me har valt å leggje inn ein urealisert gevinst på kr 120 000.

Det er vedtatt i kommunestyret at aksjane skal seljast for kr 58,- eller meir pr aksje. Siste informasjon frå Swedbank er at det har vore aksjar i marknaden til kr 40,- som ikkje er selde. Kommunen fekk i haust eit tilbod om å selje til kr 25 pr aksje som me ikkje aksepterte. Dersom aksjane skal seljast til ein verdi som er lågare enn det som er bokført, må dette finansierast.

Rente

Sparebanken Vest har i år sett ned renta på innskot to gonger. Første gong frå 3,25 % til 2,8 % og no frå 07.10.14 til 2,45 %. Dette påverkar naturleg nok og budsjetterte renteinntekter og det er foreslått at dei skal justerast ned (netto) med kr 100 000.

Når det gjeld renta på lån, budsjetterte me utan margin, og renta på lån med flytande rente har ikkje blitt nedjustert.

Premieavvik og bruk av premiefond

Ved overgangen til KLP frå 01.01.14 vart det bestemt at premiefond fortløpande skulle brukast til å betale faktura frå pensjonsselskapet. Me hadde med eit fond frå DNB som i løpet av året er nytta til å betale faktura frå KLP. Denne måten å betale faktura med, påverkar ikkje botnlinja i kommunen, men påverkar direkte årets premieavvik. Det vil i år bli negativt og med omlegging til 7 års amortisering frå 2015 vil dette påverke kostnaden neste år positivt. Akkumulert premieavvik er budsjettert litt lågt, og dette vert korrigert.

KLP eigenkapitaltilskot

Kommunen betaler eigenkapitaltilskot til KLP for sjukepleiarar og for fellesordninga. I tillegg er det betalt eit eigenkapitalkrav som er knytt til flytting av ordning. Til saman vart det budsjettert kr 160 597 for høgt mot revidert budsjett. Eigenkapitaltilskotet er ført i investering og finansiert med disposisjonsfond, fond Sima – Samnanger og overføring frå drift. Me foreslår å redusera overføring frå drift med kr 160 597.

Eigedomsskatt

Endeleg resultat for grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for Sima – Samnanger kom etter at budsjettet var vedtatt. Estimater var litt høgt og budsjettet må justerast ned med kr 50 000.

Utskriving av eigedomsskatt 2015

Det vart budsjettert med ein kostnad i 2014 på kr 1 mill til arbeidet med å få skriven ut eigedomsskatt på alle eigedommar frå januar 2015. Me hadde ikkje noko godt grunnlag då me skulle estimera kostnaden og me ser no at summen er for låg. Med den økonomiske situasjonen me har er det ikkje mogeleg å ta denne meirkostnaden over vanleg driftsbudsjett. Me foreslår derfor å låna ytterlegare kr 300 000 av fond Sima – Samnanger. Lån frå fondet vert tilbakeført så snart det er mogeleg.

Småkraftsenter. Kommunen fekk til saman tilsegn på kr 1,38 mill frå Fylkeskommunen fordelt på fleire prosjekt. Prosjekta er avslutta og rekneskapen sendt inn til fylkeskommunen. Kommunen har hatt noko mindre utgifter enn det som var lagt til grunn i budsjettet og får ikkje utbetalt heile tilsegnet. Kr 129 584 står til rest og må finansierast. Kommunen har øyremerka kr 200 000 av næringsfondet til desse prosjekta som no er avslutta, og me foreslår å bruka av denne løyvinga.

Lønsoppgjering 2014

Lønsoppgjering vart litt dyrare enn forventa (kr 142 000). Dette løyser me ved at einingane ikkje får fullt ut kompensert for kostnaden ved lønsoppgjering 2014.

Einingane

Einingane fekk i oppgåve i juni å kutte kr 1,5 mill på budsjettet. Dette ser det no ut som dei har klart, og dei fleste melder om at dei forventar å gå i balanse, men det er enno to månader igjen av året og spesielt på teknisk er det mykje som kan spela inn.

Pleie- og omsorg er den eininga som har hatt størst utfordringar i år. Dette skuldast i hovudsak skifte av bemanningsbyrå hausten 2013 utan at budsjettet for 2014 vart korrigert. Dette vil resultere i eit meirforbruk mot opphavleg budsjett på kr 1,2 mill. Eininga har vore klar over situasjonen og har klart å dekke mykje av dette over eiga budsjett, men vil ikkje klare alt. Dette i tillegg til ekstra kostnader ved mellombels drift gjer at det er behov for å styrka budsjettet med kr 200 000.

Barnehagen har fått meir refusjon enn forventa utan at utgiftene har auka og kr 150 000 vert brukt til å balansere budsjettet for kommunen.

Me er usikre på om det er avsett nok midlar til brann. Det er ein viss forskyving i nokre utgifter til samband og kurs. Me ser for oss å dekke meirutgifter med refusjon sjukepengar.

Tilskot til vaksenopplæring. Her går det eit skilje på mellom 3 og 4 personar. Ved 3 personar får kommunen kr 180 000, med 4 personar innmeldt får kommunen kr 560 000. Me har dei siste åra hatt 4 personar innmeldt og meiner og at me har det for 2014 og. Tilskotet som er utbetalt er derimot for 3 personar. Me har tatt kontakt med IMDI (integrerings og mangfoldighetsdirektoratet) og bedt om tilbakemelding.

Vurderingar og konsekvensar:

Me er pliktige til å ha eit budsjett i balanse. Me har valt å leggja fram eit budsjettendringsforslag som justerer skatteinngangen pr september sjølv om me veit at mykje tyder på at me vil få skattesvikt og dei neste månadane. Me avventar og svar frå IMDI på tilskot til vaksenopplæring.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-X65
Arkivsaksnr: 10/157	Løpenr: 14/5970
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	22.10.2014	055/14	TR
Kommunestyret	05.11.2014	059/14	TR

KAPITALUTVIDING STOREHOLMEN VTA AS FOR OPPKJØP AV NORHEIMSUND INDUSTRISERVICE AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek del i aksjekapitalutviding i Storholmen VTA as. med kr 90.000.
Aksjekjøpet vert betalt ved bruk av næringsfondet.

22.10.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-055/14 VEDTAK:

Samnanger kommune tek del i aksjekapitalutviding i Storholmen VTA as. med kr 90.000.
Aksjekjøpet vert betalt ved bruk av næringsfondet.

Dokument som er vedlagt:

140821_notat kap forhøyelse Storeholmen VTA AS_(2).pdf

Skisse kapitalutviding Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Hordaland fylkeskommune sak om Storholmen.pdf

Kva saka gjeld:

Attføringsverksemda Storholme VTA as er eigd av Kvam herad med 45,%%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%. I samanheng med oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS er det behov for kapitalutviding på til saman 1.000.000 kroner. Bakgrunnen for oppkjøpsplansplanane er at NAV har stilt krav om at Norheimsund industriservice a.s. må vera i Storholmen VTA as si eige for å kunne oppretthalda dei tildelte tiltaksplassane i verksemda.

Bakgrunn for saka:

I generalforsamlinga til attføringsbedrifta Storeholmen VTA AS (Storeholmen) den 12. juni 2014 vart det orientert om behov for kapitalutviding i samanheng med oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS. Bakgrunnen for oppkjøpsplanane er at NAV har stilt krav om at tildelte arbeidsplassar i skjerma verksemd (APS), kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift (KIA) og tittelagt arbeid (TIA) vert gjennomført ved Storeholmen snarast, noko som i praksis vil seia at Norheimsund Industriservice AS må vera i Storeholmen si eige for å kunna oppretthalda dei tildelte tiltaksplassane i verksemda. På dette grunnlaget vert det no vurdert ulike modellar for at Storeholmen skal koma i finansiell posisjon til å gjennomføra eit kjøp av aksjane i Norheimsund Industriservice AS frå Kvam herad. Det er behov for NOK 750.000 til kjøp av Kvam herad sin aksjepost. I tillegg har Storeholmen gjort store investeringar dei siste åra, noko som gjer det naturleg å be eigarane om noko ekstra midlar slik at det samla vert ei kapitalutviding på NOK 1.000.000.

Norheimsund Industriservice AS – selskapet som skal kjøpast opp

Selskapet som er aktuelt for oppkjøp, Norheimsund Industriservice AS, er tufta på det som tidlegare var den mekaniske avdelinga i attføringsbedrifta Norheimsund Industrier AS. Den mekaniske avdelinga vart seld til A2G Industri AS i 2012. Intensjonen var at A2G Industri AS skulle vidareføra aktiviteten med attføring og tiltaksplassar, men store økonomiske tap i A2G-konsemet førte til at den mekaniske bedrifta vart selt vidare til Kvam herad i 2013 for å sikra at verksemda framleis skulle vera ein arena for tiltaksplassar. Norheimsund Industriservice AS vart stifta den 30.04.2013 og Kvam herad eig 100% av verksemda. Aksjeinnskot i selskapet er på NOK 750.000, beståande av NOK 100.000 i aksjekapital og NOK 650.000 i overkurs. Selskapet held til i leigde lokale hjå Norheimsund Industrier AS, med ein langsiktig leigeavtale. Leigeavtalen omfattar verkstadlokale, inkl. kontor og garderobe på ca. 1.750 m². Bedrifta driv produksjon av egne produkt som stillas i aluminium, samt maskinering og anna mekanisk produksjon i stål og aluminium. Første driftsår er tilbaketilgjort, og selskapet har i perioden frå oppstart mai 2013 hatt driftsinntekter på NOK 3.247.152 med eit resultat på NOK 62.681, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 802.681.

Status for Storeholmen VTA AS

Storeholmen er eigd av Kvam herad med 45,5%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%. Bedrifta har historisk vore ein arbeidsplass for yrkeshemma, og har frå august 2013 utvida verksemda med aktivitetar for tiltak og attføring. Bedrifta held til i egne lokale, har ca. 14 faste stilingar og tilbyr vel 40 VTA plassar og vel 30 tiltaksplassar innan APS, AB, KIA og TIA. Tiltaksplassane er i vesentleg grad knytt til aktiviteten ved Norheimsund Industriservice AS, og det er desse plassane NAV krev skal gjennomførast ved Storeholmen – dvs. Norheimsund Industriservice AS må vera del av / vera eigd av Storeholmen. Styret i Storeholmen har gjort positivt vedtak om å kjøpa Norheimsund Industriservice AS, men må be eigarane om å få tilført ny eigenkapital for å gjennomføra transaksjonen. Det er planar om å organisera eigarstrukturen slik at ein reduserer risikoen for morselskapet, og Norheimsund Industriservice AS er tenkt som eit dotterselskap av Storeholmen. Storeholmen har i 2013 hatt driftsinntekter på NOK 13.464.576 med eit resultat på NOK -80.208, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 545.743. Drifta har vist positiv utvikling siste år, men det er låg eigenkapital og høg gjeld i selskapet.

Kvam herad og Hordland fylkeskommune har vedteke å ta sin del av aksjekapitalutvidinga. Kvam lag av NFU har takka nei til å ta del. Dette er også lagt til grunn i fordelinga av aksjene.

Vurderingar og konsekvensar:

Storeholmen VTA a.s er den verna verksemda som Samnanger har nytta klart mest. Det er store utfordringar for oss å få tilgang til verna arbeidsplassar, og det er derfor viktig at me i det minste klarer å oppretthalda dei plassane me har. NAV har sett krav til eigarskap m.m., og med den foreslåtte løysingar vert plassane oppretthaldne. Storeholmen VTA a.s har dei siste åra utvida

verksemda si og fått nye type oppdrag. Dette har dels skjedd gjennom samarbeidet med Norheimsund Industriservice a.s og bruk av lokala i Norheimsund industrier.

Slik me les vedtektene for næringsfondet, kan midlar her nyttast til aksjekapitalutvidinga på kr 90.000.

Storeholmen VTA AS

20.08.2014

Skisse kapitalutviding i Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Fra Asbjørn Tolo
Til adm.ledelse, styre og aksjonærer

Bakgrunn for sak - skisse kapitalutviding

Bakgrunn

Viser til orientering gitt i generalforsamling Storeholmen VTA AS (Storeholmen) den 12.06.2014, med vurderingar knytt til oppkjøp av den mekaniske bedrifta Norheimsund Industriservice AS – tidlegare mek.avd. i attføringsbedrifta Norheimsund Industrier AS som vart selt ut i 2012.

A2G Industri AS kjøpte i 2012 mek.avd. frå Norheimsund Industrier AS. Intensjonen var at A2G Industri AS skulle vidareføra aktiviteten med attføring og tiltaksplassar i selskapet, men omstrukturering og nedskjering av aktivitet grunna store økonomiske tap i A2G-konsernet førte til at den mekaniske bedrifta vart selt vidare i 2013. For å sikra at verksemda framleis vart ein arena for tiltaksplassar kjøpte Kvam herad denne og etablerte Norheimsund Industriservice AS.

I denne perioden pågjekk og eit arbeide med å omorganisera tiltak og attføring i Kvam, og i dialog med bl.a. NAV har ein kome fram til ein modell der dette best vert ivaretatt i eitt selskap ved å overføra den tidligare aktiviteten i Norheimsund Industrier AS til Storeholmen.

I denne samnheng har NAV stilt krav til at tildelte tiltaksplassar innanfor APS, KIA og TIA vert gjennomført ved Storeholmen snarast, noko som i praksis vil seia at Norheimsund Industriservice AS må vera i Storeholmen si eige for å kunna oppretthalda desse tildelte tiltaksplassane i verksemda. På dette grunnlaget vert det no vurdert ulike modellar for at Storeholmen skal koma i finansiell posisjon til å gjennomføra eit kjøp av aksjane i Norheimsund Industriservice AS frå Kvam herad.

Alternativet er at Storeholmen og derunder Norheimsund Industriservice AS misser eit antal tildelte tiltaksplassar innanfor APS, KIA og TIA, og dette tilbudet og denne arenaen går tapt. Kvam herad vil då finna ein privat kjøpar for å overta eigarskapen og drifta, og Norheimsund Industriservice AS fortset isofall som ei ordinær privateigd mekanisk bedrift.

**Status
Storeholmen
VTA AS**

Storeholmen VTA AS er eigd av Kvam herad med 45,5%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%.

Bedrifta har historisk vore ein arbeidsplass for yrkeshemma, og har frå august 2013 utvida verksemda med aktivitetar for tiltak og attføring. Bedrifta held til i egne lokaler, har ca. 14 faste stillingar og tilbyr vel 40 VTA plassar og vel 30 tiltaksplassar innan APS, AB, KIA og TIA. Tiltaksplassane er i vesentleg grad knytt til aktiviteten ved Norheimsund Industriservice AS, og det er desse plassane NAV krev skal gjennomførast ved Storeholmen – dvs. Norheimsund Industriservice AS må vera del av / vera eigd av Storeholmen.

Styret i Storeholmen VTA AS har gjort positivt vedtak om å kjøpa Norheimsund Industriservice AS, men må be eigarane om å få tilført ny eigenkapital for å gjennomføra denne transaksjonen.

Det er viktig å organisera eigarstrukturen slik at ein reduserer risikoen for morselskapet, og Norheimsund Industriservice AS er tenkt som eit dotterselskap av Storeholmen.

Storeholmen har i 2013 hatt driftsinntekter på NOK 13.464.576 med eit resultat på NOK -80.208, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 545.743. Drifta har vist positiv utvikling siste år.

**Status
Norheimsund
Industriservice
AS**

Norheimsund Industriservice AS vart stifta den 30.04.2013 og Kvam herad eig 100% av verksemda. Aksjeinnskudd i selskapet er på NOK 750.000, bestående av NOK 100.000 i aksjekapital og NOK 650.000 i overkurs. Selskapet held til i leigde lokale hjå Norheimsund Industrier AS, med ein langsiktig leigeavtale. Leigeavtalen omfattar verkstadlokale, inkl. kontor og garderobe på ca. 1.750m². Bedrifta driv produksjon av egne produkt som stillas i aluminium, samt maskinering og anna mek.produksjon i stål og aluminium.

Første driftsår er tilbakelagt, og selskapet har i perioden frå oppstart mai 2013 hatt driftsinntekter på NOK 3.247.152 med eit resultat på NOK 62.681, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 802.681.

**Mogleg modell
for
kapitalutviding**

Storeholmen har gjort store investeringar dei seinare år i opprustning av eige bygg, og verksemda har mellom anna satsa på vaskeri og middagsproduksjon for institusjonar.

Storeholmen og Norheimsund Industriservice AS har i dag nok ressursar samla til å ta hand om drift i begge selskap. Men ved evt. oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS vil den auka aktiviteten i Storeholmen som konsern gje grunnlag for å vurdere styrking av den administrative leiinga.

For å gjennomføra eit oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS er det behov for NOK 750.000 til kjøp av Kvam herad sin aksjepost. I tillegg

har verksemda gjort store investeringar dei siste åra, noko som gjer det naturleg å be eigarane om noko ekstra midlar i samanheng med ein kapitalutvidelse.

Forslag til modell for kapitalutviding er å gjennomføra ein aksjeemisjon på NOK 1.000.000. Dette kan gjerast ved å leggja ut emisjon på 200 aksjar pålydande NOK 1.000 med kurs NOK 5.000, dvs. at NOK 200.000 utgjer aksjekapital og NOK 800.000 utgjer overkurs.

Eigarane vert invitert til kjøp av aksjar i forhold til eigardel, og det er eit vilkår for å gjennomføra emisjonen at det vert teikna for minimum 150 aksjar.

Ved å leggja ut emisjon på 200 aksjar / NOK 200.000 i aksjekapital i staden for 100 aksjar / NOK 100.000 i aksjekapital, vil dette etter mine utrekningar gje ein riktigare eigardel dersom ikkje alle eigarane teiknar seg med ny eigenkapital (sjå eksempel i tab. 3 nedanfor).

Oversikt dagens aksjonærar

Tab.1 Dagens aksjonærar i Storeholmen VTA As;

Aksjonær	Innskoten aksjekapital	Eigardel %
Kvam herad	NOK 50 000	45,5
Hordaland Fylkeskommune	NOK 40 000	36,5
Samnanger kommune	NOK 10 000	9
Kvam lag av NFU	NOK 10 000	9
Sum	NOK 110 000	100,00

Innbetaling ny eigenkapital

Tab.2 Alle aksjonærar tek del i aksjeemisjon i forhold til eigardel:

Aksjonær	Innbetaling ny eigenkapital*	Ny aksjekapital	Eigardel %
Kvam herad	NOK 455 000	NOK 141 000	45,5
Hordaland Fylkeskommune	NOK 365 000	NOK 113 000	36,5
Samnanger kommune	NOK 90 000	NOK 28 000	9
Kvam lag av NFU	NOK 90 000	NOK 28 000	9
Sum	NOK 1 000 000	NOK 310 000	100,00

*Eigenkapital sett saman av 20% aksjekapital og 80% som overkurs

Tab.3 Av dagens aksjonærer har Kvam lag av NFU meldt at dei truleg ikkje kan ta del i aksjeemisjon, og då vert oppsettet som følgjer - dersom ikkje andre av aksjonærane dekkar opp denne posten;

Aksjonær	Innbetaling ny egenkapital*	Ny aksjekapital	Eigardel %
Kvam herad	NOK 455 000	NOK 141 000	48,3
Hordaland Fylkeskommune	NOK 365 000	NOK 113 000	38,7
Samnanger kommune	NOK 90 000	NOK 28 000	9,6
Kvam lag av NFU	NOK 0	NOK 10 000	3,4
Sum	NOK 910 000	NOK 292 000	100,00

*Eigenkapital bestående av 20% aksjekapital og 80% som overkurs

Vidare prosess

Ovenstående er ei skisse på korleis Storeholmen VTA AS sin egenkapital kan styrkjast. Løysninga krev sjølvstekt tilslutning fra aksjeeigarane, og formelt er det styret i Storeholmen som må søkja eigarane om ny egenkapital.

Vidare prosess er at saka vert diskutert mellom eigarane - gjærne i eit eigarmøte, og ein vert einige om nødvendig saksgrunnlag / -utgreiing som alle eigarane har behov for i den vidare behandlinga.

Dette notatet er meint å kunna nyttast som utkast til saksgrunnlag, men eigarane kan i tillegg be selskapet om ytterlegare informasjon for si interne behandling.

Politisk behandling

Tre av eigarane er kommunar/fylkeskommune, og desse må mest sannsynleg ha ei politisk behandling på å tilføra ny egenkapital. Tidsplan og saksførebuing for desse tilseier at ein kan få nødvendige tilslutningar på plass i oktober/november, med påfylgjande generalforsamlingar, gjennomføring av emisjon og overtaking november / desember 2014. (Sjå tabell under).

Møteplanar	formannskap/ fylkesutval	heradstyre/ fylkesting
Kvam herad	23. sept. 28. okt.	30. sept. 4. nov.

Hordaland Fylkeskommune	24 / 25. sept 30. okt. 19 / 20 nov.	14./15okt 9 /10 des.
Samnanger kommune	10.sept. 22.okt.	24.sept. 2.nov.

Norheimsund 20.august 2014

Asbjørn Tolo

Ordfører Kvam herad

e-post; asbjorn.tolo@kvam.kommune.no

tlf.; 91880017

Fra: Marit Aksnes Aase
Sendt: 16.09.2014
Til: Arkiv
Kopi:
Emne: VS: Skisse kapitalutviding Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Til føring og politisk behandling okt/nov.

Marit

Fra: Steinar Langenes [mailto:steinar@storeholmen.no]
Sendt: 16. september 2014 14:35
Til: Marit Aksnes Aase
Emne: VS: Skisse kapitalutviding Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Hei, her er saken ang NIS, (et utkast) litt justeringer kommer, denne må vel politisk behandles hos dere.

Dersom vi skal ha et eigar møte må du si ifra så kaller jeg inn.

Steinar

Fra: Tolo, Asbjørn [mailto:asbtol@kvam.kommune.no]
Sendt: 28. august 2014 12:54
Til: Aksnes, Marie Fraas; Steinar Langenes
Emne: Skisse kapitalutviding Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Viser til generalforsamling i Storeholmen VTA AS den 12.06.2014 og mi orientering om behov for kapitalutviding i selskapet for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS. Eg har utarbeidt eit notat i denne samanheng som eg sender til dykk som dagleg leiar og styreleiar.

Dette dokumentet meiner eg kan vera grunnlag for drøfting / saksbehandling hjå eigarane, men det er selskapet og styret ved styreleiar som formelt bør koordinera det vidare arbeidet for å få kapitalutviding og oppkjøp på plass.

Det kan og vera effektivt med eit snarleg eigarmøte der skissa blir drøfta, og der ein kan få signal på korleis eigarane stiller seg og korleis prosessane vidare kan gjennomførast på best mogleg måte.

Som største aksjonær og vertskommune for Storeholmen samt eigar av Norheimsund Industriservice AS, vil Kvam herad kunna stilla ressursar til rådvelde for hjelp i prosessen.

Ta gjerne kontakt med meg for koordinering, diskusjon eller spørsmål.

Beste helsing

Asbjørn Tolo

Ordfører

KVAM HERAD

Telefon: 56553011 - 91880017

Epost: asbjorn.tolo@kvam.kommune.no <mailto:asbjorn.tolo@kvam.kommune.no>

Kvam herad - www.kvam.no <<http://www.kvam.no/>>



Arkivnr: 2014/17219-5

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2014

Kapitalutviding i Storeholmen VTA AS – oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Samandrag

Attføringsbedrifta Storeholmen VTA AS er eigd av Kvam herad med 45,5%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%. I samanheng med oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS er det behov for kapitalutviding på til saman NOK 1.000.000. Bakgrunnen for oppkjøpsplanane er at NAV har stilt krav om at Norheimsund Industriservice AS må vera i Storeholmen VTA AS si eige for å kunna oppretthalda dei tildelte tiltaksplassane i verksemda. Dersom Hordaland fylkeskommune tek del i aksjeutvidinga vil dette krevja eit kapitalinnskot på NOK 365.000.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

Hordaland fylkeskommune tek del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med NOK 365 000. Aksjekjøpet vert dekkja av midlar avsette i investeringsbudsjettet til næringsføremål.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.09.2014

Bakgrunn for saka:

I generalforsamlinga til attføringsbedrifta Storeholmen VTA AS (Storeholmen) den 12. juni 2014 vart det orientert om behov for kapitalutviding i samheng med oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS. Bakgrunnen for oppkjøpsplanane er at NAV har stilt krav om at tildelte arbeidsplassar i skjerma verksemd (APS), kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift (KIA) og tilrettelagt arbeid (TIA) vert gjennomført ved Storeholmen snarast, noko som i praksis vil seia at Norheimsund Industriservice AS må vera i Storeholmen si eige for å kunna oppretthalda dei tildelte tiltaksplassane i verksemda. På dette grunnlaget vert det no vurdert ulike modellar for at Storeholmen skal koma i finansiell posisjon til å gjennomføra eit kjøp av aksjane i Norheimsund Industriservice AS frå Kvam herad. Det er behov for NOK 750.000 til kjøp av Kvam herad sin aksjepost. I tillegg har Storeholmen gjort store investeringar dei siste åra, noko som gjer det naturleg å be eigarane om noko ekstra midlar slik at det samla vert ei kapitalutviding på NOK 1.000.000.

Norheimsund Industriservice AS – selskapet som skal kjøpast opp

Selskapet som er aktuelt for oppkjøp, Norheimsund Industriservice AS, er tufta på det som tidlegare var den mekaniske avdelinga i attføringsbedrifta Norheimsund Industrier AS. Den mekaniske avdelinga vart seld til A2G Industri AS i 2012. Intensjonen var at A2G Industri AS skulle vidareføra aktiviteten med attføring og tiltaksplassar, men store økonomiske tap i A2G-konsernet førte til at den mekaniske bedrifta vart selt vidare til Kvam herad i 2013 for å sikra at verksemda framleis skulle vera ein arena for tiltaksplassar. Norheimsund Industriservice AS vart stifta den 30.04.2013 og Kvam herad eig 100% av verksemda. Aksjeinnskott i selskapet er på NOK 750.000, beståande av NOK 100.000 i aksjekapital og NOK 650.000 i overkurs. Selskapet held til i leigde lokale hjå Norheimsund Industrier AS, med ein langsiktig leigeavtale. Leigeavtalen omfattar verkstadlokale, inkl. kontor og garderobe på ca. 1.750 m². Bedrifta driv produksjon av eigne produkt som stillas i aluminium, samt maskinering og anna mekanisk produksjon i stål og aluminium. Første driftsår er tilbakelagt, og selskapet har i perioden frå oppstart mai 2013 hatt driftsinntekter på NOK 3.247.152 med eit resultat på NOK 62.681, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 802.681.

Status for Storeholmen VTA AS

Storeholmen er eigd av Kvam herad med 45,5%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%. Bedrifta har historisk vore ein arbeidsplass for yrkeshemma, og har frå august 2013 utvida verksemda med aktivitetar for tiltak og attføring. Bedrifta held til i eigne lokale, har ca. 14 faste stillingar og tilbyr vel 40 VTA plassar og vel 30 tiltaksplassar innan APS, AB, KIA og TIA. Tiltaksplassane er i vesentleg grad knytt til aktiviteten ved Norheimsund Industriservice AS, og det er desse plassane NAV krev skal gjennomførast ved Storeholmen – dvs. Norheimsund Industriservice AS må vera del av / vera eigd av Storeholmen. Styret i Storeholmen har gjort positivt vedtak om å kjøpa Norheimsund Industriservice AS, men må be eigarane om å få tilført ny eigenkapital for å gjennomføra transaksjonen. Det er planar om å organisera eigarstrukturen slik at ein reduserer risikoen for morselskapet, og Norheimsund Industriservice AS er tenkt som eit dotterselskap av Storeholmen. Storeholmen har i 2013 hatt driftsinntekter på NOK 13.464.576 med eit resultat på NOK -80.208, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 545.743. Drifta har vist positiv utvikling siste år, men det er låg eigenkapital og høg gjeld i selskapet.

Fylkesrådmannen si vurdering og merknader

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i Storeholmen er av samfunnsmessig karakter; å sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda. Ei eventuell kapitalutviding er regulert i kapittel 10 i «Lov om aksjeselskaper (aksjeloven)». Det er generalforsamlinga som formelt sett vedtek kapitalutvidinga. Dersom generalforsamlinga seier nei til kapitalutvidinga vil Storeholmen og derunder Norheimsund Industriservice AS mista tildelte tiltaksplassar innanfor APS, KIA og TIA, og dette tilbodet og denne arenaen går tapt. Kvam herad vil då finna ein privat kjøpar for å overta eigarskapen og drifta, og Norheimsund Industriservice AS fortset som ei ordinær privateigd mekanisk bedrift. Med dette som utgangspunkt stiller fylkesrådmannen seg positiv til at fylkeskommunen tek del i kapitalutvidinga med NOK 365.000. Det er ført opp 1 mill. kroner i investeringsbudsjettet til næringsutvikling (aksjekjøp e.l.). Fylkesrådmannen foreslår at NOK 365 000 av denne løyvinga vert nytta til aksjeutvidinga.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at delar av kapitalutvidinga er mellom nærstående partar, i og med at Kvam herad har eigarskap både i Storeholmen og Norheimsund Industriservice AS. I den samheng er det viktig at vilkåra i aksjelova vert følgd.



Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen
5892 BERGEN

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/404
Vår dato: 23.10.2014

Partsbrev - Tinging prosjektplan selskapskontroll Storeholmen VTA

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvaleiar
Kvam herad

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/404-2
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	33/14	20.10.2014

Tinging prosjektplan selskapskontroll i Storeholmen VTA AS

Bakgrunn for saken:

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i møte 15.09.2014:

1. Kontrollutvalet vil gjennomføre selskapskontroll i Storeholmen VTA AS
2. Revisor får i oppdrag å avklare med dei private eigarane i selskapet om innsyn til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak om tinging av prosjektplan og invitasjon til dei andre eigarane til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014

I denne saka vert kontrollutvalet invitert til å tinge prosjektplan frå revisor. Til møtet skal og revisor kome med ei avklaring kring dei private eigarane. Om denne avklaringa er positiv kan ein tinge selskapskontroll av Storeholmen VTA som om det var eit § 80 selskap.

I tillegg til dei private eigarane er selskapet eigd av Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og Samnanger kommune.

I kontrollutvalsboka, (s 114) utgjeven av Kommunal og regionaldepartementet i 2011 kan ein lese slik om delt eigarskap mellom fleire kommunar:

Delt eierskap mellom flere kommuner

Dersom selskapet som skal kontrolleres eies av flere kommuner, vil det være hensiktsmessig at kontrollutvalgene i eierkommunene samordner kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet. Dette vil også bidra til å effektivisere ressursbruken i kontrollutvalgene. I slike tilfeller må kontrollutvalgene i de respektive kommunene bli enige om blant annet:

- Hvilken oppdragstaker skal gjennomføre kontrollen?
- Hva skal kontrollen omfatte og hvordan skal kontrollen gjennomføres (prosjektplan/bestilling)?
- Hvordan skal kostnadene fordeles mellom kontrollutvalgene?
- Hvordan skal selskapskontrollen rapporteres og følges opp?

I mange tilfeller vil det være kontrollutvalget i kommunen med størst eierandel

som tillegges et overordnet ansvar for samordning. Kostnadene fordeles gjerne etter størrelsen på eierandelene til den enkelte kommune. Det er ikke nødvendig at alle eierkommunene er med for at noen kontrollutvalg skal kunne gjennomføre en selskapskontroll.

Hvordan selskapskontrollen skal innrettes i slike samarbeid, kan klargjøres allerede når selskapet blir etablert, ved at vedtektene for selskapet kan angi hvilke av eierkommunene som skal ha et overordnet ansvar for å samordne selskapskontrollen. En slik avtale om samordning kan også tas inn i en selskapsavtale mellom eierkommunene. Slike avtaler vil imidlertid ikke begrense plikten og mulighetene den enkelte eierkommune har til å drive selskapskontroll.

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet i Kvam herad tingar prosjektplan selskapskontroll av Storeholmen VTA og utarbeider føremål for prosjektet og problemstillingar ein ønskjer revisor skal undersøke.

Kontrollutvalet må og diskutere om det ønskjer kun ein eigarskapskontroll eller ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon eller ein kombinasjon av desse.

Deloitte AS har tidlegare vist til ein slik forståing av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap:

***Eigarskapskontroll** er den obligatoriske delen av selskapskontrollen og handlar i stor grad om korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine. Fokuset er retta mot kommunen som eigar, og korleis kommunen gir føringar og følgjer opp eigarskapa. Når det gjelder **forvaltningsrevisjon i selskap** så er dette ein frivillig del av selskapskontrollen som blir basert på konkrete risiko- og vesentlegheitsvurderingar av eigarskapa og selskapet det gjeld. Ein slik forvaltningsrevisjon handlar i hovudsak om å undersøke forhold knytt til selskapet sine plikter og oppgåver. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan mellom anna måloppnåing, ressursbruk og regeletterleving i selskapet kontrollerast.*

Vidare bør det diskuterast kva føringar og signal ein vil at revisor skal ta omsyn til når dei skal laga eit framlegg til prosjektplan for den valde revisjonen. Revisor bør også utfordrast på å gje eit anslag på kor mange timar dei kjem til å bruke på denne revisjonen og ei eventuell kostnadsfordeling basert på om dei andre eigarane vert med eller ikkje. Revisor bør og anslå tidspunkt for levering av revisjonsrapporten.

Når prosjektplan frå Deloitte AS føreligg vert denne å sende til dei andre eigarane for eventuelle innspel og om dei ønskjer å vere med på selskapskontrollen. Deloitte AS er og revisor for Hordaland fylkeskommune og Samnanger kommune.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet bestiller prosjektplan selskapskontroll av Storeholmen VTA hjå Deloitte AS. Utvalet bør be Deloitte AS levere framlegg til ein prosjektplan, som inneheld m.a. føremål med revisjonen og problemstillingar basert på utvalet sine føringar/signal på kva revisjon skal omfatte. Vidare bør utvalet be Deloitte AS skissere kor mange timar dei reknar med det vil gå til denne revisjonen, eventuell timefordeling om fleire eigarar vert med, og når utvalet kan forvente at revisjonsrapport vert levert.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS utarbeide prosjektplan for selskapskontroll i Storeholmen VTA.
2. Det vert teke utgangspunkt i desse problemstillingane:
 - A
 - B
 - C
 - D
3. Kontrollutvalet ber Deloitte AS legga fram prosjektplan innan:
4. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan / bestilling i samråd med sekretariatet.
5. Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til dei andre eigarane i Storeholmen VTA med frist for attendemelding om deltaking innan 28.11.2014
6. På kontrollutvalet sitt neste møte vert framdrift i prosjektet referert, og tidsplan for prosjektet teke opp til handsaming.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 20.10.2014

Handsaming i møtet:

Deloitte AS viste til epost sendt 20.10.2014, der Jondal og Kvam NFU ikkje har innvendingar om innsyn i selskapet.

Kontrollutvalet hadde ein grundig diskusjon, og var mellom anna innom slike moment/problemstillingar som ein ønskjer revisor tek med seg i utarbeiding av prosjektplan:

- Kontrollutvalet ønskjer å tinge prosjektplan for eigarskapskontroll og selskapskontroll med forvaltningsrevisjon.
- Revisor skal sjå på måloppnåing, ressursbruk og regeletterleving i selskapet.
- Revisor skal sjå på korleis selskapet fungerer i høve dei som har arbeidet sitt der.
- Selskapet er særst allsidig og har hatt stor vekst i arbeidsoppgåver, men er Storeholmen stor nok til å dekke behovet til eigarkommunane på attføringsdelen og arbeidstrening
- Eigarskapsstyring, kven bestemmer?
- Stort kontrollspenn
- Fylkeskommunen kjøper praksisplassar. Fungerer dette etter intensjonane?
- Samarbeidet mellom NAV og Storeholmen
- Samarbeid mellom eigarane? Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune, Kvam herad og Jondal og Kvam NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede)

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt alternativt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS utarbeide prosjektplan for selskapskontroll i Storeholmen VTA.
2. Det vert teke utgangspunkt i desse momenta/problemstillingane:
 - Kontrollutvalet ønskjer å tinge prosjektplan for eigarskapskontroll og selskapskontroll med forvaltningsrevisjon.
 - Revisor skal sjå på måloppnåing, ressursbruk og regeletterleving i selskapet.
 - Revisor skal sjå på korleis selskapet fungerer i høve dei som har arbeidet sitt der.

- Selskapet er sær s allsidig og har hatt stor vekst i arbeidsoppgåver, men er Storeholmen stor nok til å dekke behovet til eigarkommunane på attføringsdelen og arbeidstrening
 - Eigarskapsstyring, kven bestemmer?
 - Stort kontrollspenn
 - Fylkeskommunen kjøper praksisplassar. Fungerer dette etter intensjonane?
 - Samarbeidet mellom NAV og Storeholmen
 - Samarbeid mellom eigarane? Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune, Kvam herad og Jondal og Kvam NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede)
3. Kontrollutvalet ber Deloitte AS legga fram prosjektplan innan: 17.11.2014
 4. Prosjektplan skal handsamast i kontrollutvalet sitt møte 1. desember 2014
 5. Prosjektplanen skal og innehalde forslag til timebruk, når rapporten kan handsamast i kontrollutvalet, og forslag til kostnadsfordeling mellom eigarane.
 6. Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til dei andre eigarane Storeholmen VTA, med frist for attendemelding om deltaking innan 15.01.2014

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS utarbeide prosjektplan for selskapskontroll i Storeholmen VTA.
2. Det vert teke utgangspunkt i desse momenta/problemstillingane:
 - Kontrollutvalet ønskjer å tinge prosjektplan for eigarskapskontroll og selskapskontroll med forvaltningsrevisjon.
 - Revisor skal sjå på måloppnåing, ressursbruk og regeletterleving i selskapet.
 - Revisor skal sjå på korleis selskapet fungerer i høve dei som har arbeidet sitt der.
 - Selskapet er sær s allsidig og har hatt stor vekst i arbeidsoppgåver, men er Storeholmen stor nok til å dekke behovet til eigarkommunane på attføringsdelen og arbeidstrening
 - Eigarskapsstyring, kven bestemmer?
 - Stort kontrollspenn
 - Fylkeskommunen kjøper praksisplassar. Fungerer dette etter intensjonane?
 - Samarbeidet mellom NAV og Storeholmen
 - Samarbeid mellom eigarane? Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune, Kvam herad og Jondal og Kvam NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede)
3. Kontrollutvalet ber Deloitte AS legga fram prosjektplan innan: 17.11.2014
4. Prosjektplan skal handsamast i kontrollutvalet sitt møte 1. desember 2014
5. Prosjektplanen skal og innehalde forslag til timebruk, når rapporten kan handsamast i kontrollutvalet, og forslag til kostnadsfordeling mellom eigarane.
6. Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til dei andre eigarane Storeholmen VTA, med frist for attendemelding om deltaking innan 15.01.2014

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap	Budsjett	justering	Rev.budsjett
12700	Konsulenttenester	1200	1100	Revisjon	57 666	165 000	0	165 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	1200	1100	Revisjon	33 167	38 760	0	38 760
17290	Momsrefusjon drift	1200	1100	Revisjon	-33 167	-38 760	0	-38 760
			1100	Revisjon	57 666	165 000	0	165 000
10802	Tapt arbeidsforteneste	1200	1101	Kontrollutval	0	10 000	0	10 000
10803	Møtegodtgjering	1200	1101	Kontrollutval	26 765	28 000	0	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	1200	1101	Kontrollutval	3 774	5 400	102	5 502
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	1200	1101	Kontrollutval	400	500	0	500
11150	Matvarer	1200	1101	Kontrollutval	640	1 500	0	1 500
11501	Kurs/ opplæring	1200	1101	Kontrollutval	15 860	15 000	0	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	1200	1101	Kontrollutval	0	5 000	0	5 000
11950	Kontingentar	1200	1101	Kontrollutval	1 300	1 300	0	1 300
12700	Konsulenttenester	1200	1101	Kontrollutval	20 641	165 201	0	165 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	1200	1101	Kontrollutval	65 741	99 000	0	99 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	1200	1101	Kontrollutval	22 770	89 640	0	89 640
17290	Momsrefusjon drift	1200	1101	Kontrollutval	-22 770	-89 640	0	-89 640
			1101	Kontrollutval	135 121	330 901	102	331 003
					192 787	495 901	102	496 003

Sykehjemsplasser og legetjenester i sykehjem – kartlegging i Hordaland 2014

Jo Kåre Herfjord, ass. fylkeslege, Fylkesmannen i Hordaland

1. Bakgrunn

1.1 Behov for sykehjemsplasser

Det var i 2013 registrert over 41.000 personer på kommunale helse- og omsorgsinstitusjoner i Norge (1). Trenden de siste årene er at andelen av eldre som bor i institusjon går nedover. Antall institusjonsplasser er redusert, særlig plasser på aldershjem (2). Antall plasser i sykehjem er noenlunde stabilt, mens det er blitt flere omsorgsboliger.

Gjennomsnittlig varighet av både korttids- og langtidsopphold på sykehjem har gått ned de siste årene. Tallene støtter inntrykket av at terskelen for å få fast sykehjemsplass kan ha blitt høyere, og at pasienter som får langtidsopphold er sykere og mer hjelpetrengende enn før.

Behov for sykehjemsplasser er dels et spørsmål om kvantitet, ved at dekningen mange steder er knapp fra før, antallet eldre øker og det har i liten grad blitt opprettet nye plasser de siste årene. I tillegg er det et spørsmål om hva som er innholdet i tilbudet. Kvalitetsmessige krav til behandling og oppfølging på sykehjem øker, og forutsetter nok personale med riktig fagkompetanse.

Som en indikator på sykehjemsdekning brukes ofte antall sykehjemsplasser som prosent av antall innbyggere 80 over år. Tidligere handlingsplaner har hatt som mål at sykehjemsdekningen bør være minst 25 % (3,4). Regner man med omsorgsboliger som kan gi heldøgns omsorg har målet vært 28 %. Minst 20 % bør være korttidsplasser.

Sykehjemsplasser må sees i sammenheng med kommunens øvrige tjenestetilbud og lokale

forhold. En godt utbygget hjemmetjeneste vil i noen grad kunne redusere behovet for sykehjemsplasser, og vice versa.

Hva som skal regnes som en «plass», og hvordan det skal registreres, er ikke uten videre opplagt. Det går en gradient fra sykehjem til aldershjem, omsorgsbolig og vanlig bolig med varierende grad av innsats fra hjelpeapparatet.

Begrepet omsorgsbolig er ikke entydig definert, og har blitt brukt om alt fra tilrettelagt seniorbolig med lavt nivå av tilleggstenester til institusjonslignende boenhet med full døgnbemanning tilsvarende sykehjem. Offisielle statistikker skiller ikke alltid mellom disse størrelsene, og kan gi et skjevt bilde av det reelle tilbudet.

1.2 Behov for legetjenester i sykehjem

Sykehjemmene må ta seg av pasienter som er sykere enn før, og oppgaver som før hørte hjemme i spesialisthelsetjenesten overføres i økende grad til kommunen. Dette er en politisk villet utvikling, blant annet uttrykt i samhandlingsreformen. Pasienter som før ble værende på sykehus, skrives ut med pågående aktive og til dels avanserte behandlingstiltak.

Det forventes at sykehjemmene skal beherske intravenøs behandling, ernæringssonde, smertepumpe, ventilasjonsstøtte, palliativ behandling med videre. I motsetning til det tradisjonelle bildet av sykehjem som bolig for stabile langtidsbeboere, ser vi en utvikling mot kortere opphold og hyppig behov for medisinsk vurdering.

Legen er bare en av mange faktorer på sykehjem som er viktige for at pasientene skal få god og forsvarlig oppfølging. Likevel er tilgjengelighet av legetjenester ofte en

knapphetsfaktor og flaskehals. Legedekning kan betraktes som en indikator på hvilken kapasitet sykehjemmet har til å følge opp pasientenes medisinske problemstillinger.

En tradisjonell sykehjemsmodeell har lagt vekt på god pleie og omsorg, men har ikke vært så godt tilpasset ustabile pasienter med behov for jevnlig medisinske vurderinger. Den klassiske tilsynslegen på sykehjem har gjerne hatt en slags konsulentrolle med tilstedeværelse noen timer i uka og begrenset involvering i sykehjemmets daglige drift. Legen må da fokusere på det som haster, og i stor grad basere seg på andre faggruppers observasjoner og innspill. Det kan bli knapp tid til grundigere utredninger eller jevnlig oppfølging av pasienter.

Med stor spennvidde i problemstillingene, dårligere pasienter og større turnover av pasienter øker behovet for legetjenester i sykehjem. En nasjonal standard for legetjenester i sykehjem har vært foreslått (5), men per i dag er det opp til kommunene å selv definere sine behov. Sykehjemsmedisin er ingen egen legespesialitet i Norge, og arbeid på sykehjem har ikke gitt meritterende tjeneste for andre spesialiteter. De senere årene har mange kommuner valgt å ansatt leger i større stillingsprosent, noe som gir mulighet for større tilstedeværelse og kontinuitet. Større stillinger gjør det også lettere å bygge opp et fagmiljø. For små kommuner kan likevel den tradisjonelle modellen med små stillinger være det som er realistisk og hensiktsmessig.

Legeforeningen utarbeidet i 2007 forslag til nasjonal bemanningsnorm for leger i sykehjem (6). Normen differensierer mellom ulike typer plasser. Behovet for legetimer er størst for palliativ omsorg, utredning og rehabilitering. Korttidsplasser utløser mer legearbeid enn langtidsplasser. Med en rimelig fordeling av ulike typer sykehjems plasser vil anbefalt legedekning ut fra denne normen ligge i området 0,5 – 1,0 uketimer per pasient.

For sammenligning kan det være naturlig å se til Nederland, som over mange år har hatt egen legespesialitet for alders- og sykehjemsmedisin og leger ansatt på heltid i sykehjem. Legedekningen i dette systemet ligger grovt regnet i størrelsesorden 0,8 timer per pasient per uke (7).

2. Fylkesmannens kartlegging 2014


2.1 Metode

Vi sendte e-post til alle kommuneoverleger i Hordaland i februar 2014, med lenke til et nettbasert spørreskjema. Alle 33 kommuner svarte. Svarene ble kvalitetssikret ut fra annen informasjon fylkesmannen har om den enkelte kommune, og ved uklarhet fulgte vi opp dette via e-post.

Resultatene ble sammenholdt med informasjon fra statistisk sentralbyrå (SSB) om folketall og antall innbyggere over 80 år, samt data fra Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) om sykehjems plasser og legetimer på sykehjem. SSBs befolkningsdata var oppdatert i 2014, mens tallene fra KOSTRA var fra 2012 eller 2013. Sykehjemsdekning ble beregnet som prosentandel antall plasser for heldøgns omsorg og pleie utgjør i forhold til antall innbyggere 80 år eller eldre. Legedekning er angitt som legetimer per uke per beboer.

2.2 Resultat sykehjems plasser

Antall plasser for Hordaland fylke som helhet tilsvarte 19,4 % av antall innbyggere 80 år eller eldre. Denne verdien ligger litt over landsgjennomsnittet som i følge SSB var 18,9 % i 2013, men lavere enn anbefalingen på 25 %. 17 av 33 kommuner hadde lavere enn 20 % dekning, mens 9 kommuner lå i området 20-24 %. Se figur 1. For fylket som helhet oppga kommunene at 15,9 % av plassene var beregnet for korttidsopphold, et tall som er klart lavere enn anbefalingen på minst 20 %.



Figur 1: Sykehjemsdekning i Hordaland

Vi fant betydelig variasjon mellom de enkelte kommuner, med antall sykehjemsplasser fra 9,7 % av innbyggere over 80 år i Os kommune, til 100 % i Modalen. Det lave tallet i Os har delvis sammenheng med at kommunen har mange sykehjemslignende omsorgsboliger med heldøgns bemanning. Modalen har god kapasitet i forhold til innbyggertallet, og selger noen av sine plasser til nabokommuner.


For flere kommuner var det noe forskjell mellom KOSTRA-data og vår kartlegging. I enkelte tilfelle skyldes det at sykehjemsplasser hadde blitt opprettet eller lagt ned det siste året, men som regel var forskjellen ikke reell. Registreringen ble i en del tilfelle annerledes i KOSTRA fordi det var uklart hvordan man skal telle omsorgsboliger.

Et eksempel på at KOSTRA-tallene kan være villedende er Sund kommune, som i følge SSB har en tilsynelatende svært god dekning av sykehjemsplasser på 39,4 %. Statistikken har imidlertid ikke fanget opp at kommunen har et privat sykehjem med 36 plasser som leies ut til Bergen kommune. Den reelle dekningen for kommunens egne innbyggere er dermed på den mer nøkterne verdien 22,4 %.

Vi ba kommunene selv gi en uforpliktende vurdering til oss om antallet sykehjemsplasser i kommunen ble opplevd som tilstrekkelig eller ikke. Omtrent to tredjedeler (21 av 33 kommuner) følte at antallet plasser var tilstrekkelig, mens en tredjedel (12 av 33 kommuner) opplevde at det var mangel på plasser. Det var en viss spredning i begge gruppene, slik at sammenhengen mellom antall plasser og opplevelse av tilfredsstillende dekning ikke var absolutt.

Det avtegnet seg likevel en relativt tydelig tendens i retning av at kommuner måtte ha over 20 % dekning av sykehjemsplasser for å oppleve at behovet var noenlunde dekket. Se figur 2.


De fornøyde kommunene hadde i gjennomsnitt 24,5 % dekning, med spredning fra 16,9 % til 42,9 %. De misfornøyde kommunene hadde i gjennomsnitt en dekning på 18,1 %, med spredning 12,2 % - 21,5 %.



Figur 2: Tilfredshet med sykehjemsdekning

2.3 Resultat legedekning

For Hordaland som helhet var tallet på legetimer per uke per beboer i sykehjem 0,55. Dette er noe bedre enn landsgjennomsnittet som i følge SSB var 0,46 i 2013, men fortsatt lavere enn de anbefalte 0,8-1,0 timer per beboer per uke. Også her er det svært stor spredning mellom kommunene, med verdier fra 0,18 i Fedje til 0,86 i Fjell. Se figur 3.




Figur 3: Legedekning på sykehjem i Hordaland

For flertallet av kommunene oppga KOSTRA noe høyere tall for legedekningen enn det vi fant i vår kartlegging. Vi kjenner ikke til årsaken til dette. En mulig forklaring kan være at legestillinger er blitt redusert det siste året, men vi mistenker at hovedårsaken er ulik registrering av legestillinger i KOSTRA.

6 av 33 kommuner oppga at de hadde ansatt sykehjemsleger med sykehusspesialitet. Dette gjelder store kommuner som tilsammen har 66 % av innbyggerne i fylket. 9 kommuner har ansatt sykehjemsleger i minst 50 % stilling. Igjen er dette de store kommunene, tilsvarende 73 % av befolkningen.

Vi ba kommunene gi en uforpliktende vurdering av om legedekningen på sykehjem ble opplevd som tilstrekkelig. Fordelingen av svarene var tilsvarende som for spørsmålet om sykehjemsdekning, ved at to tredjedeler av kommunene var fornøyd og en tredjedel misfornøyd. Det var imidlertid ikke nødvendigvis de samme kommunene som var fornøyd eller ikke. Hver gruppe hadde en viss spredning, og det var ingen absolutt relasjon mellom tall på legetimer og tilfredshet.

Imidlertid avtegnet det seg også her en relativt tydelig trend. Fornøyde kommuner hadde gjennomsnittlig 0,49 legetimer per uke per beboer, mens tallet for misfornøyde kommuner var 0,31. Se figur 4.



Figur 4: Tilfredshet med legedekning

3. Diskusjon

Kartleggingen viser at registrering og statistikk har feilkilder. Særlig er det behov for å definere og klassifisere omsorgsboliger med varierende grad av hjelpetilbud, og skille bedre mellom disse og sykehjem.

Våre funn tyder på at det generelt er behov for flere sykehjems plasser, særlig korttidsplasser. Graden av dekning og behov for utbygging er til dels svært forskjellig fra kommune til kommune. Svarene gir støtte til at antall plasser som hovedregel bør ligge over 20 % av antall innbyggere over 80 år.

I mange kommuner er det også behov for bedre legedekning på sykehjem. Svarene støtter at antall legetimer per uke per beboer bør være i området 0,5 eller høyere.

Den store variasjonen mellom ulike kommuner er tankevekkende. Når det gjelder sykehjem, ligger kommunen med størst dekningsgrad over 10 ganger høyere enn den med lavest. For legetjenester i sykehjem ligger kommunen med størst dekning omtrent 5 ganger høyere enn den med lavest legedekning.

Det vil nødvendigvis alltid være lokale variasjoner, men forskjeller i denne størrelsesorden er uventet. Vi kan ikke se at organisatoriske forhold eller variasjoner i befolkningens helsetilstand alene kan forklare ulikhetene. Undersøkelsen reiser spørsmålet om forskjeller i kommunenes økonomi og interne prioriteringer påvirker tjenestetilbudet i større grad enn befolkningens helsemessige behov. Det er sannsynligvis behov for flere sykehjems plasser i mange kommuner, og det bør utarbeides en nasjonal standard for legebemanning i sykehjem.

Referanser:

- (1) Statistisk sentralbyrås nettsider (www.ssb.no).
- (2) Jorun Ramm (red). Eldres bruk av helse- og omsorgstjenester. Statistisk sentralbyrå 2013
- (3) Handlingsplan for eldreomsorgen. St.meld. nr. 50 (1996-97)
- (4) HK Bakke. Halvgått løp mot full sykehjemsdekning. Tidsskr Nor Legeforen 2002; 122: 1525.
- (5) Mestring, muligheter og mening. Framtidens omsorgsutfordringer. St.meld. nr. 25 (2005-2006)
- (6) LB Johannessen. Sykehjemsmedisinen må få et løft. Tidsskr Nor Legeforen 2007; 127: 2579.
- (7) S. Conroy, T. Van Der Cammen, J. Schols, R. Van Balen, P. Peteroff, T. Luxton. Medical services for older people in nursing homes — Comparing services in England and The Netherlands. The Journal of Nutrition, Health and Aging. June 2009, Volume 13, Issue 6, pp 559-563

NKRFS

Kontrollutvalgskonferanse

4-5 februar 2015

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Hovedtemaer:

Kommunelovutvalget >

Kommunereform >

Informasjonssikkerhet >

Evaluering av kontrollutvalg og sekretariater >

Korrupsjon >

Grå økonomi >

Målgruppe

Ledere/medlemmer av kontrollutvalg,
kontrollutvalgssekretærer, revisorer og andre som er
interessert i tilsyn og kontroll i kommunesektoren



Følg konferansen
på Twitter:
#ku15nkrf

www.twitter.com/nkrf



▶	Møteleder: Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)
09.00	Registrering og kaffe/rundstykke / utstilling
10.00	Velkommen ▶ Møteleder Ole Kristian Rogndokken, daglig leder, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)
10.10	Åpning ▶ Riksrevisor Per-Kristian Foss
10.30	Kommunelovutvalget - statusrapport ▶ Utvalgsmedlem Nina Neset, daglig leder, Romerike Revisjon IKS
11.30	Lunsj / utstilling
12.45	Kommunereform - ekspertutvalgets sluttrapport ▶ Ekspertutvalgets leder Signy Irene Vabo, professor, Høgskolen i Oslo og Akershus
13.30	Pause / utstilling
13.50	Kommentarer til ekspertutvalgets rapport ▶ Dr. polit. Jan Erling Klausen, forsker, Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) ▶ Professor Nils Aarsæther, UiT Norges arktiske universitet
14.40	Pause / utstilling
15.00	Annonseres senere
15.40	Pause / utstilling
16.00 17.00	Null CTRL: Så lett går det galt! I en prisbelønt artikkelserie har Dagbladets reportere avdekket hvordan sviktende datasikkerhet rammer oss hjemme, på jobb og i det offentlige rom. ▶ Reportasjeleder Espen Sandli, Dagbladet
19.30	Middag





Møteleder: Møteleder Sverre Bugge Midthjell, leder, NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og rådgiver, KonSek Midt-Norge IKS

09.00

Velkommen

- ▶ Møteleder Sverre Bugge Midthjell, leder, NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og rådgiver, KonSek Midt-Norge IKS

09.05

KMDs evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariater

- ▶ Director Birte Bjørkelo, Deloitte AS

10.00

Pause / utsjekking / utstilling

10.30

Paneldebatt om resultatene fra KMDs evaluering

Panel:

- ▶ Roar Thun (Ap), kontrollutvalgsleder, Ski kommune og styreleder i Follo interkommunale kontrollutvalgssekretariat (FIKS)
- ▶ Torgun M. Bakken, daglig leder, Glåmdal sekretariat IKS
- ▶ Orrvar Dalby, daglig leder, Vestfold Interkommunale Kontrollutvalgssekretariat (VIKS)

11.30

Lunsj / utstilling

12.45

Korrupsjon

- ▶ Foredragsholder annonseres senere

13.30

Pause / utstilling

13.50

Grå økonomi

Aftenposten setter i en [serie](#) reportasjer søkelyset på kobling mellom hvit og svart økonomi. Norske skattekroner sluses inn i prosjekter der underleverandører driver svart og svindler med moms, skatt og avgifter.

- ▶ Journalist Siri Gedde-Dahl, Aftenposten

14.45

Kåseri

- ▶ Annonseres senere

15.15

Avslutning

- ▶ Styreleder Per Olav Nilsen, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

15.20



– på vakt for fellesskapets verdier



NKRFs Kontrollutvalgskonferanse

4-5 februar 2015

Påmelding

- Påmeldingsfrist: 18. desember 2014.
- Bindende påmelding skal skje via [NKRFs nettsider](#)
- Faktura vil bli tilsendt etter påmeldingsfristens utløp.
- Det tas forbehold om endringer i programmet.

Avbestillingsbetingelser

- Avbestilling må skje skriftlig.
- Det vil ved avbestillinger etter påmeldingsfristens utløp kreves et gebyr på kr 500 til dekning av administrasjonsutgifter. Ved avbestilling senere enn en uke før konferansestart belastes 50 % av konferanseavgiften.
- Avbestilling ved legitimert sykdom behandles særskilt.
- Avmelding på konferansedagen, eller ev. uteblivelse, medfører full konferanseavgift.
- Ved hotellreservasjon kommer i tillegg ev. ansvaret overfor hotellet.
- Deltakelse kan ved behov overføres til en annen kollega.

Konferansepriser*

- Deltakelse inkl. helpensjon: Kr 6 200 (ikke-medlemmer: Kr 6 600)
- Dagpakke (lunsj mm): Kr 5 100 (ikke-medlemmer: Kr 5 500)
Prisene inkluderer dokumentasjon, lunsj, drikke til måltidene og servering i pausene.
- Ekstra overnatting m/frokost fra 3. - 4. februar 2015: Kr 1 300.

*) Deltakere fra kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner hvor sekretærtjenesten ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.

Konferansehotellet

[Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen](#)

Ved behov vil også [Comfort Hotel RunWay](#), som ligger vegg i vegg med konferansehotellet, bli benyttet til overnatting.

Forhåndsgodkjenning

13 timer i forhold til NKRFs regler for obligatorisk etter- og videreutdanning.

Norges Kommunerevisorforbund
Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo
Telefon 23 23 97 00, post@nkrf.no, www.nkrf.no
www.twitter.com/nkrf (#ku15nkrf)



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2014/224-12
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	36/14	02.12.2014

Møteplan - første møte i kontrollutvalet i 2015

Kontrollutvalet bør bestemma møtedato for første møte i 2015. Når møteplanen for dei andre politiske utvala er klar for 2015, vert resten av kontrollutvalet sin møtekalendar for 2015 sett opp.

Sekretariatet gjer framlegg om at første møte i kontrollutvalet i 2015 vert 17.02.15.

Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å setja opp møtedatoar for kontrollutvalet sine møter for resten av 2015, når kommunen sin øvrige møteplan er klar.

Forslag til vedtak

1. Første møte i kontrollutvalet i 2015 vert 17.02.15.
2. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å setja opp møtedatoar for kontrollutvalet sine møter for resten av 2015, når kommunen sin øvrige møteplan er klar.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2014/232-4
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	37/14	02.12.2014

Gjennomgang av møteprotokollar

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 24.09.14 og 05.11.14.
- Formannskapet 22.10.14 og 19.-20.11.14.
- Utval for oppvekst og omsorg 15.10.14 og 25.11.14.
- Naturutvalet 15.10.14 og 26.11.14.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 38/14 Eventuelt